UTKAST TIL LMD 28.06.2019

Deres ref:
Vår ref: 2018/158028
Dato:
Org.nr:

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

# Høyring av forslaget om ei felles velferdsforskrift for storfe, svin, sau og geit

Mattilsynet foreslår ei felles forskrift om velferd for storfe, svin, sau og geit. Forslaget omfattar også ei endring av produksjonsdyrforskrifta. Vi legg nå forslaget ut til høyring på vegne av Landbruks- og matdepartementet.


***Samandrag av forslaget***

*Forslaget går ut på å slå saman dei tre forskriftene om hald av storfe, svin, sau og geit i ei felles velferdsforskrift. I tillegg foreslår vi å rydde i anna regelverk på området. Den nye forskrifta vil erstatte fem forskrifter og gjere at produksjonsdyrforskrifta ikkje lenger skal gjelde storfe, svin, sau og geit. Vi får dermed slutt på dobbeltreguleringa for desse fire dyreslaga.*

*Forslaget om å slå saman og rydde gjer at dei mange fellesreglane for dei fire dyreslaga kan formulerast likt og klarare. Det gjer det også lettare å presisere kva for krav som er spesielle for kvart dyreslag. Forskrifta blir tilpassa den nye dyrehelseforskrifta for å unngå dobbeltregulering og for å harmonisere krava til kunnskap, planar og dokumentasjon. Harmoniseringa er også retta mot systema og støttefunksjonane til husdyrnæringa.*

*Vi foreslår å vidareføre innhaldet i dei fleste krava til hald av storfe, svin, sau og geit slik som dei er fastsette i dag. For å tilpasse krava til endringane som skjer innan husdyrhaldet, har vi lagt større vekt på at krava skal opne for fleire vegar til målet om god velferd.*

*Vi foreslår også nye krav og viktige endringar. Dei nye krava om tilpassa velferdsplanar vil gi dyrehaldarene gode reiskap for eigenkontroll og velferdsarbeid i dei ulike dyrehalda. Også dei andre nye krava skal medverke til å trygge god og framtidsretta velferd for husdyra. Eksempel på dette er endra krav til oppstalling av kalvar og oksar. Krava til brannførebygging er skjerpa. Vi foreslår også å endre og oppheve enkelte av krava som nå er i særforskriftene. Døme på dette er forslaga om at fristen for å avhorne kalvar utvidast til 8 veker, at talet på omsorgsbingar skal tilpassast drifta, og at kravet om gasstett golv i grisehus blir omgjort til eit krav om sikre rutinar.*

*Særleg viktig for svinevelferda er forslaget om rutinekrav for kastrering og avliving, og forslaget om obligatorisk veterinærvurdering og dyrevelferdsprogram for slaktegris.*



www.mattilsynet.no

**Mattilsynet**
**Hovudkontoret**
**Seksjon for dyrehelse**

Saksbehandlar: Per Helge Seltveit
E-post: pehse@mattilsynet.no
postmottak@mattilsynet.no

Postadresse:
Felles postmottak, Postboks 383
2381 Brumunddal

# 1. Bakgrunnen for forslaget om ei ny felles forskrift

Dei mest sentrale forskriftene om velferd for produksjonsdyr er mellom 12 og 15 år gamle. Vi meiner det er på tide å oppdatere dette regelverket. Her er 4 gode grunnar:

**Regelverket skal fremme god dyrevelferd, ikkje berre verne dyra mot liding**
Dyrevelferdsloven avløyste dyrevernloven 1. januar 2010. I lovforarbeida blir forskjellen mellom omgrepa «dyrevelferd» og «dyrevern» omtala slik:

*Begrepet velferd legger vekt på det positive målet om at dyr skal ha det godt og trives, men omfatter også begrepet dyrevern som i større grad fokuserer på beskyttelse mot mishandling, vanskjøtsel og lidelse.*

Vi foreslår ei ny felles velferdsforskrift som skal fremme trivsel og velferd. Den nye forskrifta skal kreve tiltak for å sikre velferda, ikkje berre for å oppfylle grunnbehova til dyra. Dette samsvarer med haldningane i samfunnet og visjonen om at alle norske husdyr skal ha det godt.

Forskrifta har fleire detaljerte krav der lista for kva som er godt nok dyrehald, er heva til å vere på line med kva som er den rådande velferdsstandarden. Dette gir forskrifta eit løft som samsvarer med dyrevelferdsloven og medverkar til eit godt omdøme for husdyrhaldet. Landbruket er ikkje tent med eit regelverk som legg lista for lågt, slik at dyrehald på minimumsnivået set det norske husdyrhaldet i eit dårleg lys.

**Dyrehaldaren har ansvaret for dyrevelferda, og det bør vere tydelegare i regelverket**
Dyrevelferdsloven gir dyrehaldaren ansvaret for velferda til dyra. Dyrehaldaren skal sikre dyra god velferd. Dersom det ikkje går, kan dyrehaldaren i verste fall bli straffa og få forbod mot å drive med dyr. Dyrehaldarane treng derfor eit klart regelverk som presiserer ansvaret deira.

Dyrehaldarane må sikre at samfunnet har tillit til dei. Tilliten bygger på kunnskapen deira om dyr og på evna og viljen til å gi dyra god velferd. Vi foreslår derfor å forskriftsfeste krav om ein velferdsplan som er tilpassa kvart dyrehald, og som vil lette kontrollen med eiga drift. Krav om skriftlege rutinar og dokumentasjon gjer at Mattilsynet kan drive meir systembasert tilsyn. Kravet om melding om dyrehald legg til rette for å digitalisere tilsynet og kartlegge risiko. Det blir lettare for Mattilsynet å føre tilsyn med større og ressurskrevande eller kompliserte dyrehald.

Krava om kompetanse, velferdsplanar og dokumentasjon legg også godt til rette for at organisasjonane innan husdyrnæringa tar ei enda meir aktiv rolle i velferdsarbeidet enn i dag. Næringa har gitt viktige innspel  til forskriftsarbeidet på dette området. For slaktegris innfører næringa sjølv eit nytt velferdsprogram frå 2019. Vi foreslår å forskriftsfeste krav om å delta i dette programmet for dei store slaktegrisprodusentane. Kravet tilsvarer krava om velferdsprogram for slaktekylling og slaktekalkun.

Dyra sjølve fortel mykje om velferda i dyrehaldet. For å kontrollere og vurdere velferda bør både dyrehaldaren og Mattilsynet sjå etter såkalla «dyrebaserte velferdsindikatorar». Nye metodar for å systematisere og effektivisere tilsyn med slike indikatorar er under utvikling. Vi foreslår at forskrifta legg særleg til rette for denne metodebruken, også for dyrehaldaren.

**Regelverket bør endrast slik at det passar betre for det nye norske husdyrhaldet**
Norsk husdyrhald er under omstilling. Produksjonseiningane blir stadig færre og større. Dei store bruka kan ha mange tilsette og stor grad av mekanisering. Arbeidskrafta kjem ofte frå andre land og har varierande kunnskap om norsk språk og husdyrhald.

Parallelt er det framvekst av små «livsstilsbruk». Desse har ofte enkle driftsløysingar i kombinasjon med fulltidsarbeid utanom bruket.

Dei store einingane må ha system for å formidle kunnskap om dyrevelferd til dei tilsette. Dei små livsstilsbruka må kjenne til utfordringane som eitkvart dyrehald byr på.

Husdyrhaldet treng i tida framover eit regelverk som stiller klare krav til dyrehaldaren om mellom anna kompetanse og rutinar, men som samstundes opnar for ulike og kostnadseffektive løysingar.



UTKAST

**Regelverket bør ryddast for å fjerne unødvendige forskjeller og presisere uklare krav**
Dei gjeldande forskriftene om storfe, svin, sau og geit har mange felles reglar. Ved å slå saman dei tre forskriftene som regulerer dei fire dyreslaga, kan vi få formulert fellesreglane klarare og likelydande. Vi får også gjort det klarare kva som berre gjeld for kvart dyreslag.

Fleire krav som i dag berre gjeld for eitt eller to av dyreslaga, bør også gjelde for dei andre. Vi foreslår å gjere desse krava om til felleskrav og dermed få slutt på dei unødvendige forskjellane i regelverket.

Vi ønsker ikkje å slå saman enda fleire av haldforskriftene. Storfe, svin, sau og geit er klauvdyr og har meir til felles enn dei andre dyreslaga med eigne forskrifter. Dessutan bør ikkje forskrifta bli for lang. Men sjølv om dei blir ståande, bør i alle fall forskriftene om velferd for hestar og for høns og kalkun etter kvart reviderast mest mogleg i samsvar med denne nye forskrifta.

Forskrifta som vart fastsett for å få gjennomført det generelle produksjonsdyrdirektivet i Noreg, overlappar haldforskriftene for dei ulike dyreslaga. Vi meiner at det er ryddigare å gjennomføre krava frå produksjonsdyrdirektivet i forskriftene for dyreslaga. I denne omgangen foreslår vi å unnta storfe, svin, sau og geit frå produksjonsdyrforskrifta og heller gjennomføre direktivkrava i den nye fellesforskrifta for dei fire dyreslaga.

Den nye forskrifta blir klarare, men reglane gir framleis rom for å bruke skjønn og utvikle nye måtar å sikre dyra god velferd. Mattilsynet skal skrive og publisere ein vegleiar som skal hjelpe dyrehaldarene å forstå og oppfylle forskrifta. Vegleiaren vil gi nærmare svar på kva som for eksempel er «reint», «mjukt», «tett», og «tørt» i ulike dyrehald, og kva som for eksempel er «tilstrekkeleg», «nødvendig» og «unødvendige påkjenningar» i ulike samanhengar. Nye krav, for eksempel dei om dyrevelferdsindikatorar, vil også bli nærmare forklart i vegleiaren.

## *2. Det gjeldande regelverket om hald av storfe, svin, sau og geit*

Lov 19. juni 2009 nr. 97 om dyrevelferd stiller mange generelle krav til hald av dyr. Dei fleste er relevante for storfe, svin, sau og geit. Krava blir derfor gjentatt og presisert i dei 6 forskriftene som gjeld hald av desse dyreslaga.

Forskrift 3. juli 2006 nr. 885 om velferd for produksjonsdyr gjennomfører direktiv 98/58/EF om vern av dyr som haldast for landbruksformål. Vi kallar forskrifta produksjonsdyrforskrifta vidare i høyringsbrevet. Forskrifta og direktivet gjeld storfe, svin, sau, geit og andre landdyr som haldast for å produsere næringsmiddel eller andre animalske produkt. Som nemnd ovanfor er altså velferda for dyreslaga med særlege haldforskrifter dobbeltregulert. Forskrifta inneheld ikkje særnorske krav.

Forskrift 22. april 2004 nr. 665 om hold av storfe gjennomfører direktiv 2008/119/EF om fastsetting av minstestandardar for vern av kalvar og inneheld dessutan mange særnorske krav. Vi kallar forskrifta storfehaldforskrifta vidare i høyringsbrevet.

Forskrift 18. februar 2003 om hold av svin gjennomfører direktiv 2008/120/EF om fastsetting av minstestandardar for vern av svin og inneheld dessutan mange særnorske krav. Vi kallar forskrifta svinehaldforskrifta vidare i høyringsbrevet.

Dei norske velferdsforskriftene må stille minst like strenge krav som dei nemnde EU-direktiva. Det er ikkje aktuelt å diskutere unntak frå EØS-avtala i samband med denne høyringa.

Forskrift 18. februar 2005 nr. 160 om velferd for småfe inneheld berre særnorske krav. Vi kallar forskrifta småfehaldforskrifta vidare i høyringsbrevet.

Forskrift 11. august 2014 nr. 1074 om unntak fra plikten til å sørge for oppholdsrom for dyr regulerer ei særnorsk ordning der Mattilsynet gir løyve til å halde dyr utandørs utan opphaldsrom. Forskrifta gjer unntak frå dyrevelferdsloven § 23 andre ledd om at dyr skal ha tilgang til eit eigna og trygt opphaldsrom utanom den normale beiteperioden.

Forskrift 20. november 1976 nr. 1 om å fjerne horn på dyr regulerer kor unge dyra må vere for å kunne avhorne dei av andre grunnar enn veterinærmedisinske. Etter § 2 må dyra som hovudregel vere under 6 veker gamle for å kunne bli avhorna. Kravet om 4 veker for avhorning av kje etter småfehaldforskrifta er eit unntak frå denne hovudregelen.

## 3. Hovudtrekka i forslaget

Forskriftsutkastet er i utgangspunktet strukturert etter den vanlege malen for forskrifter. Vi finn den same strukturen i dei fleste av forskriftene som Mattilsynet har utvikla med nasjonale krav og direktivkrav.

**Vi foreslår ei forskrift om fire dyreslag med fellesreglar og særreglar**
Vi foreslår ei forskrift som gjeld for alt hald av storfe, sau, geit og svin, med unntak av kjælegris. Forskriftsutkastet inneheld i hovudsak krav til levemiljøet og krav til stellet av dyra. Men det inneheld også viktige krav om kompetanse og ansvaret til dyrehaldaren for drifta av dyrehaldet.

Tre kapittel har felles reglar for alle dyreslaga. Eitt særkapittel gjeld berre for storfe, eitt gjeld berre for svin, og eitt gjeld berre for sau og geit. Innan kvart særkapittel er det særkrav for ulike kategoriar av dei ulike dyreslaga. For eksempel er det eigne krav om foring av kalvar, spedgris, lam og kje. Krava i særkapitla gjer unntak frå eller kjem i tillegg til fellesreglane.

Ei felles forskrift er særleg bra for dyrehaldarer som har to eller fleire av dei fire dyreslaga. Men også for dei med berre eitt dyreslag blir det betre med ei forskrift utan unødvendige forskjeller mellom dyreslaga. Det er dessutan uansett ein fordel at forskrifta skil klarare mellom generelle krav og spesielle krav.

**Vi ønsker å fjerne unødvendige forskjellar mellom dei ulike dyreslaga**
Dei gjeldande reglane for dei ulike dyreslaga blir i hovudsak vidareført. Men vi har lagt stor vekt på å presisere reglane og fjerne unødvendig tekst. Vi har harmonisert likearta reglar for dei ulike dyreslaga og gjort dei tydelege som fellesreglar. Det er berre dei nødvendige forskjellane som står igjen. Dei nye fellesreglane kan derfor avvike noko frå dei gjeldande reglane.

Vi foreslår at nokre reglar som nå berre gjeld for eitt eller to av dyreslaga, skal gjelde for alle dyreslaga. Gode dyrevelferdskrav bør gjelde alle dyreslaga dersom krava passar for alle.

I del 4 peikar vi på alle endringane av innhaldet i regelverket og på reglane som fell ut eller flyttast til ei anna forskrift. Større og meir inngripande regelendringar gjer vi nærmare greie for i del 5. Kvar enkelt regel i forskrifta er elles omtala i del 6 om merknader til kvar enkelt paragraf.

## 4. Det nye i forslaget

I denne delen har vi lista opp dei nye krava og andre endringar i forslaget samanlikna med dei gjeldande forskriftene. Nummeret på den relevante paragrafen i forskriftsutkastet står i parantes. Innhaldet i kvar paragraf er forklart i del 6.

Dei endringane som kan ha vesentlege konsekvensar, er markert med ***kursiv*** og blir nærmare omtala og grunngitte i del 5. Vi ber særleg om innspel på desse regelendringane i høyringa.

**Nye fellesreglar:**
- ***kurs for dyrehaldarar i næringsretta dyrehald*** (§ 6)
- ***velferdsplan for næringsretta dyrehald*** (§ 7)
- ***dokumentasjon av velferda i næringsretta dyrehald*** (§ 8)
- ***felles forbod mot at branngassar kan spreiast gjennom ventilasjonsanlegget*** (§ 16)
- ***innebygd system i vifter for å unngå varmgang*** (§ 16)
- ***standardisert kontroll av det elektriske anlegget med termografi utført av ein fagperson*** (§ 16)
- ***krav om brannsikker dagleg drift av dyrehaldet*** (§ 16)
- ***månadleg test av brannalarmanlegg*** (§ 17)
- ***brannalarmanlegg for bygningar med fleire dyreslag*** (§ 17)
- ***mjuk liggeplass for alle dyra*** (§ 14) ***unntatt sauer og geiter*** (§ 46)

UTKAST

- ***ikkje andre dyr enn sau, geit og hjortedyr utandørs heile året utan opphaldsrom*** (§ 48, ny § 8a i produksjonsdyrforskrifta og opphevinga av forskrifta om unntaket frå kravet om opphaldsrom)
- ordet «respekt» i formålet med forskrifta (§ 1)
- nye definisjonar av «dyrehaldaren», «næringsretta dyrehald», «normal beiteperiode», «storfe», «ku», «kvige», «okse», «sau», «lam», «geit» og «kje» (§ 3)
- krav om å sjå etter velferdsindikatorar i dyrehaldet (§ 4)
- krav til alle som deltar i drifta, ikkje berre dyrehaldaren (§ 4)
- krav om eit tilpassa dyretal og kva som set grenser for dyretalet (§ 4)
- melding til Mattilsynet med opplysning om uteområde og oppstalling (§ 5)
- kunnskapskrav om velferdsindikatorar (§ 6)
- unntak frå opplæringskravet for personar med dokumentert kompetanse og for personar med stutte avløysaroppdrag (§ 6)
- forbod mot å avle på dyr med kjente berarar av sjukdommar og misdanningar (§ 9)
- felles hovudregel om fri rørsle (§ 11)
- felles hovudregel om sosial kontakt (§ 11)
- presisert minstekrav til tak og vegger i bygningar med dyr (§ 12)
- trivsel og tryggleik i bygningane og opphaldsromma for dyr (§ 12)
- krav om smittesluse ut av haldforskriftene og inn i dyrehelseforskrifta
- naturleg ete- og drikkestilling (§ 13)
- årleg kontroll av mjølkeanlegg (§ 13)
- alternativ straumkjelde (§ 13)
- hovudregel om forbod mot utstyr som gir dyra elektrisk støyt (§ 13)
- fleksibelt krav om omsorgsbinge for dyr som treng det (§ 15)
- fleire unntak frå kravet om brannalarmanlegg, også for storfe (§ 17)
- tydeleg markering av brannslangar og handsløkkeapparat (§ 17)
- vedlikehald av brannslangar og handsløkkeapparat slik produsenten tilrår (§ 17)
- krav om å sløkke branntilløp og å evakuere dyr (§ 17)
- lune og passeleg tørre opphaldsrom, også for storfe og svin (§ 18)
- vidarefører ikkje kravet om tett forbindelse mellom dyrerom og gjødsellager i grisehus (§ 18)
- vern mot skadelege gassar frå blautgjødsel i gjødselkjellaren når gjødsla blir rørt om eller pumpa ut, også for svin, sau og geit (§ 18)
- månadleg testing av ventilasjonsalarm, også i grisehus (§ 18)
- naturleg mørkeperiode kvart døgn, også for storfe og svin (§ 19)
- opphaldsrom tilknytta fôringsplassen og utforma og plasserte slik at dyra brukar dei (§ 21)
- krav om at dyra ikkje lett kan hindre kvarandre i å gå inn og ut av opphaldsrommet (§ 21)
- krav til alle former for uteområde (§ 22)
- overbygde permanente fôringsplassar om nødvendig, også for svin, sau og geit (§ 22)
- tilsyn utført av personar som er fysisk til stades (§ 23)
- tilsyn 2 gonger dagleg, også for svin og for dyr utandørs med tilgang til opphaldsrom (§ 23)
- tilsyn 1 gong dagleg på innmarksbeite, også for sau og geit (§ 23)
- tilsyn 2 gonger i veka på uteområde utan tilhaldsrom dersom dyra blir tilleggsfôra (§ 23)
- råmjølk til nyfødde, også for svin (§ 24)
- tilstrekkeleg mengde fôr på lager eller lett tilgjengeleg (§ 24)
- hindre dyra tilgang til kraftfôrlageret, også for for storfe og svin (§ 24)
- felles krav om alltid tilgang til rikeleg med friskt drikkevatn (§ 24)
- synleg reint drikkevatn (§ 24)
- snø og saltvatn ikkje å rekne som drikkevatn (§ 24)
- tilleggsfôring og tilgang til drikkevatn på beite (§ 24)
- krav om at dyra kan stelle seg sjølve og halde seg reine (§ 25)
- godt reinhald og ryddig i opphaldsrommet (§ 25)
- låg førekomst av insekt og skadedyr (§ 25)
- hindre mjølkespreng hos lakterande dyr (§ 25)
- omsyn til rangorden når dyr skal samlast (§ 25)
- særleg krav til innretningar og utstyr til å binde eller fiksere dyr og kontrollen med dette (§ 26)
- førebygge sjukdom og skade, også for storfe (§ 27)

- førebygge dårleg tilvekst (§ 27)
- behandling mot både innvendige og utvendige parasittar (§ 27)
- god kommunikasjon ved veterinærbehandling av dyr (§ 27)
- øyremerking berre i samsvar med merkeforskriftene, også for sau og geit (§ 27)
- bruk av omsorgsbinge (§ 27)
- ikkje fjerne hornanlegg utan medisinsk grunn på andre dyr enn storfe og geit (§ 33, § 53 og opphevinga av avhorningsforskrifta)

**Nye særreglar for storfe:**
- ***kalvar i enkeltbingar berre til 6 veker, ikkje 8 veker*** (§ 29)
- ***kutrenar berre for lakterande mjølkekyr*** (§ 30)
- ***mosjon på beite for oksar på bås etter 2024*** (§ 31)
- ***avhorning av kalvar til 8 veker, ikkje berre 6*** (§ 33)
- forbod mot nye båsplassar i eit båsfjøs (§ 28)
- unntak frå fri rørsle for bevaringsverdige storferasar, i staden for dispensasjonsordning (§ 28)
- unntak frå fri rørsle i båsfjøs på støl (§ 28)
- ikkje særkrav til fôrbrett og krybber, felles krav om naturleg etestilling i staden (§ 28)
- krav om omsorgsbinge også for storfe som går lause i båsfjøs (§ 28)
- opningar i veggene mellom enkeltbingar for kalvar (§ 29)
- kutrenar berre om nødvendig for å dressere kyrne (§ 30)
- ikkje kutrenar om kua ikkje let seg dressere (§ 30)
- kontroll av kutrenaren (§ 30)
- synleg oppslag om rett bruk av kutrenaren (§ 30)
- innetid mellom mjølkingar med i beitetida for storfe (§ 31)
- mjølk til kalvar minst 3 gonger dagleg i 6 veker (§ 32)
- kalvar skal få grovfôr frå dei er 7 dagar gamle (§ 32)
- naturleg diestilling for kalvar (§ 32)
- lov å fjerne ekstraspenar på spekalvar (§ 33)
- ring i nasen til oksar når nødvendig for å handtere dyra (§ 33)

**Nye særreglar for svin:**
- ***årleg veterinærbesøk hos slaktegrisar*** (§ 44)
- ***obligatorisk velferdsprogram for slaktegris*** (§ 44)
- 80 cm brei fikseringsbås til purker (§ 37)
- verne utegris mot sol og frost (§ 40)
- fôring av svin minst 2 gonger i døgnet (§ 41)
- fiberrikt fôr, også for slaktegrisar (§ 41)
- fiksering av purka berre inntil 3 dagar etter fødsel, ikkje 7 dagar (§ 43)
- så kort fiksering som mogleg (§ 43)
- journalføre grunnen til fiksering (§ 43)
- vevsprøve frå øyrelappen på svin til avlsarbeid (§ 45)

**Nye særreglar for sauer og geiter**
- ***innreidde opphaldsrom for å aktivisere geiter*** (§ 46)
- ikkje lenger lov å ta i bruk gamle opphaldsrom med berre 1 utgang (§ 46)
- ikkje for mange lam eller kje per mordyr på utmarksbeite (§ 47)
- innetid mellom mjølkingar med i beitetida for sau og geit (§ 47)
- vilkår om tilstrekkeleg naturleg fôr for å få løyve til utandørs hald utan opphaldsrom (§ 48)
- krav om skriftlege rutinar (§ 48)
- krav til opplysningar i søknaden (§ 48)
- mjølkefôring av lam og kje minst 3 gonger i døgnet (§ 50)
- naturleg diestilling for lam og kje (§ 50)
- fôring av lam med fiberrikt fôr frå 7 dagars alder (§ 50)
- klipping av ullgeiter (§ 51)
- napping som alternativ til klipping (§ 51)
- berre lov å binde vêrar og bukkar når det ikkje er lett å skilje dyra på andre måtar (§ 52)

UTKAST

- kastrering av vêrlam og bukkekje før 6 veker for å kunne sende dyra på beite (§ 53)

**Endringar i produksjonsdyrforskrifta**
- storfe, svin, sauer og geiter ut av produksjonsdyrforskrifta (§ 2)
- meldeplikt for alle produksjonsdyrehald (ny § 3a)
- heimelen til å fjerne gevir, henta frå avhorningsforskrifta og utvida (§ 5)
- vilkår for hald av hjortedyr utan opphaldsrom, i staden for dispensasjon (ny § 8a)

## *5. Regelendringar med vesentlege konsekvensar*

Lista i del 4 viser at forskriftsutkastet inneheld mange nye eller endra krav. Endringane inneber direkte økonomiske kostnader eller berre omlegging av arbeidsrutinar og meir systematisk drift innanfor eit større handlingsrom. Dette vil opplevast ulikt for dei mange husdyrhaldarane. Vi har i arbeidet med forskriftsutkastet vekta kostnadane opp mot målsettingane for forskrifta. Særleg målet om å trygge god dyrevelferd forsvarer ein auka innsats i husdyrnæringa. Endringane som kan ha vesentlege konsekvensar, er omtala nedanfor.

**Kurs for dyrehaldarar i næringsretta dyrehald**
Vi meiner at tida er inne for å kreve at dyrehaldarane i næringsretta dyrehald har formell velferdskompetanse. Dette er nødvendig for å sikre at dyrehaldarene får oppdatert kunnskap om dyrevelferd. Kunnskap påverkar respekten og haldningane overfor dyr. Respekt og gode haldningar er avgjerande for at dyra skal ha det godt. Derfor foreslår vi eit krav om at dyrehaldarane skal fullføre ei organisert opplæring i dyrevelferd. Kravet står i utkastet til den nye velferdsforskrifta § 6 tredje ledd. Opplæringa kan skje gjennom utdanning på skole eller på kurs arrangert av organisasjonar eller andre.

I dyrevelferdsloven og i hald- og velferdsforskriftene er det krav om nødvendig kompetanse. I haldforskrifta for svin er det i tillegg krav om *dokumentert* kompetanse. Dei tidlegare krava om kurs for storfe, småfe og hest vart oppheva i 2010 etter usemje om innhaldet i krava og kursopplegga. Mattilsynet har ikkje ført tilsyn med dokumentasjonskravet på kompetanse i svinehaldforskrifta.

Forarbeida til dyrevelferdsloven legg stor vekt på kompetanse, noko som går fram av følgande sitat frå odelstingsproposisjonen:

*«Kunnskap er en forutsetning for god behandling av dyr, og kompetente dyreeiere vil gi grunnlag for bedret dyrevelferd. (…) For (næringsmessig dyrehold) kan det derfor være aktuelt å forskriftsfeste mer konkrete kompetansekrav, herunder krav til formell kompetanse.»*

Mattilsynet opplever i mange tilsynssaker at manglande kompetanse og uakseptable haldningar fører til velferdssvikt. I dei verste tilfella er dette eit så stort problem at Mattilsynet finn det nødvendig å gi dyrehaldaren aktivitetsforbod.

Krav til formell kompetanse for bønder vert stadig oftare diskutert i media, næringa og næringspolitiske utval. Ei doktorgradsavhandling frå NVH (Muri 2012) konkluderer med at det er dyrehaldaren sjølv som er den avgjerande faktoren for god dyrevelferd. Dyrehaldaren bør såleis oppdaterast jamnleg på ny kunnskap om rolla som dyrehaldar og ansvaret som ligg til rolla.

I strategien sin for dyrevelferd frå 2012 legg EU stor vekt på kompetanse. Kunnskap om dyrevelferd er ifølge strategien ein av dei 4 hovudfaktorane som påverkar dyrevelferda.

Dyrehelseforordninga i EU kjem til å bli gjeldande i Noreg. I forordninga er det krav til kunnskap om dyrehelse og om samanhengen mellom dyrehelse og dyrevelferd. Den nye dyrehelseforskrifta innfører frå 1. januar 2020 eit slikt krav om dokumentert kunnskap til alle næringsretta dyrehaldarar. Kravet er samanfallande med § 6 tredje ledd bokstav d i utkastet til velferdsforskrift.

Opplæringskravet i utkastet til velferdsforskrift omfattar meir enn samanhengen mellom dyrehelse og dyrevelferd. Det vil likevel vere teneleg å sjå opplæringa i medhald av dyrehelseforskrifta og utkastet til ny velferdsforskrift som eit heile og utarbeide eit samla oppsett. Dette vil også gjere det enklare for dyrehaldaren å gjennomføre opplæringa. Signala frå næringa er at næringa sjølv

UTKAST

ynskjer å utarbeide og tilby kurs. Utdanningsløp innan landbruk bør tilby opplæring som er oppdatert i forhold til kunnskapskrava i forskriftene.

**Velferdsplan**
Vi foreslår at alle næringsretta dyrehald skal ha ein velferdsplan. Forslaget står i forskriftsutkastet § 7. Velferdsplanen skal tilpassast dyrehaldet. Kva dyrehaldaren må legge vekt på, vil variere. Dyrehalderen sjølv bør vere best skikka til å fastsette ein gjennomtenkt og formålsteneleg plan som kan brukast i det praktiske arbeidet i dyrehaldet. Planarbeidet vil vere naturleg å ta inn i kursa eller utdanninga i dyrevelferd.

I tillegg til å sikre at grunnleggande forskriftskrav vert gjennomførte, skal planen medverke til målretta tiltak som vil sikre god velferd i dyrehaldet. Planen skal også ta høgde for at dyra blir tatt vare på i situasjonar der dagleg stell kan bli tungt for dyrehaldaren grunna svikt i fysisk eller psykisk helse. Velferdsplanen vil systematisere velferdsinnsatsen og lette formidlingsansvaret dyrehaldaren har overfor tilsette og avløysarar. Eit målretta og systematisert velferdsarbeid vil positivt påvirke både dyrehelsa, produksjonen og arbeidsmiljøet.

Husdyrbruka har nå krav om smittevernplan etter dyrehelseforskrifta og om gjødselplan for å kunne motta produksjonstilskott. Den tidlegare miljøplanen er i praksis vidareført for dyrehaldarar som deltek i Kvalitetssystemet i landbruket (KSL). Deltakinga innber opplegg for  ekstern revisjon, årleg eigenrevisjon av rutinar  og oppdatering av planar. Velferdsplanen vil bli kvalitetssikra gjennom opplæringa etter § 6 og vil for dei fleste inngå i eit etablert kvalitetssystem.

Mattilsynet vil ved eit systembasert  tilsyn, vurdere om velferdsplanen er tilpassa dyrehaldet og om planen blir følgt. Vi ønsker i stor grad å samarbeide med KSL om dette. Velferdsprogrammet for slaktegris skal sørge for at deltakarane oppfyller § 7.

**Dokumentasjon av velferda i næringsretta dyrehald**
Vi foreslår fleire nye dokumentasjonskrav for næringsretta dyrehald. Krava i forskriftsutkastet § 8 gjer dyrehaldaransvaret tydelegare, sikrar at dyrehaldarene følger reglane i forskrifta og legg til rette for systembasert tilsyn.

Dokumentasjonskrav blir av mange opplevd som tyngande. Behovet for dokumentasjon er likevel gjennomgåande i all næringsverksemd og ikkje minst i norsk landbruk. Ein svært stor del av husdyrhaldarane er medlemmer av KSL, som er innretta for å sikre regelmessig og enkel dokumentasjon av at regelverket blir oppfylt. Næringa utarbeider fortløpande praktiske løysingar for nødvendig og nyttig dokumentasjon. Velferdsprogrammet for slaktegris skal sørge for at deltakarane oppfyller § 8.

Dokumentasjonskrava legg til rette for at Mattilsynet kan bruke meir systembasert tilsyn.

**Nye krav for å verne dyra mot brann**
Vi foreslår å skjerpe krava om branntryggleiken. Dette er mellom anna i samsvar med det Mattilsynet kom fram til etter tilsynskampanjen om brannsikring i svinehald i 2015. Forslaga samsvarer også med føringar frå næringa og krav i KSL. Dette tilseier at krava ikkje medfører særlege nye kostnader for husdyrhaldarane.

Vi presiserer i forskriftsutkastet § 2 at strengare krav i anna regelverk om for eksempel brannvarsling går føre mindre strenge krav i velferdsforskrifta. Etter plan- og bygningsloven er det krav om brannalarmanlegg i alle driftsbygningar som er omfatta av byggteknisk forskrift. Denne forskrifta gjeld for alle bygningar som er byggemelde etter 9. april 2010. Unntaka frå alarmkravet i velferdsforskrifta gjeld ikkje i desse bygningane.

For å fange opp alle dei eldre driftsbygningane foreslår vi å vidareføre dei gjeldande  krava om brannalarm for bygningar med storfe, svin, og småfe uansett alder på bygningen. Brannalarmen skal oppfylle krava til slike anlegg etter plan- og bygningsloven.  Kravet om brannalarm blir eintydig knytt til driftsbygningar med dyr og ikkje til dyrehald.

Samordninga med regelverket etter plan- og bygningsloven medfører at inspektørane i Mattilsynet må få meir kjennskap til dette regelverket, særleg om brannvern. Med slik kjennskap kan inspektørane lettare følgje opp avvik også frå dette regelverket.

Vi foreslår eit felles forbod i § 16 mot at branngassar kan spreiast gjennom ventilasjonsanlegget. Forbodet blir også gjeldande også for sau og geit.

Vi foreslår eit krav i § 16 om innebygde system i alle vifter for å unngå varmgang. I tilsyns-kampanjen i 2015 fann Mattilsynet at halvparten av grisfjøsa hadde utstyr som varslar ved varmgang i ventilasjonsvifter. Dette er enten alarm eller at vifta koplar seg ut. Moderne vifter har eit innebygd system for varsling ved straumbrot og høg temperatur. Det er mogleg å montere temperaturfølarar på eldre vifter. Alle ventilasjonsvifter som er installerte etter 2010, skal ha alarm for varmgang etter forskrift om elektriske lavspenningsanlegg og NEK 400. Produsenten J.L Bruvik AS opplyser at 8 av 10 eldre vifter har kontakt for å kople til alarm.

Vi foreslår krav i § 16 om standardisert kontroll av det elektriske anlegget med termografi utført av ein fagperson.

Vi foreslår krav i § 16 om brannsikker dagleg drift av dyrehaldet. Kravet skal gjere dyrehaldarene meir oppmerksame på brannvern i arbeidet og behovet for gode driftsrutinar etter § 7.

Vi foreslår krav i § 17 om å teste brannalarmanlegg minst ein gong i månaden. Kravet skal sikre at brannalarmen til ei kvar tid fungerer.

Vi foreslår eit krav i § 17 om brannalarmanlegg for bygningar med fleire dyreslag. Kravet skal gjelde sjølv om talet på kvart dyreslag er for lågt etter unntaksgrensene i dei gjeldande haldforskriftene. Vilkåret er at talet på dyr, til saman utgjer over 30 dyreeiningar. Kvart dyr må i samband med dette kravet reknast om til slike dyreeiningar. At fjøs som dette i dag ikkje må ha alarm, er ein utilsikta konsekvens av at kvart dyreslag er regulert for seg.

Regelendringane medfører kostnader. Ein del mindre bruk med fleire dyreslag må installere brannalarm. Vi kjenner til anbod frå 2015 på brannalarm for mindre bruk på omlag 40 000 kroner. Forsikringsselskapa har rabattordningar som gjer at innstalleringa likevel skal løne seg over tid. Kravet om termografering er knytt til bygningar med krav om brannalarm. Tilleggskostnaden ved el-kontrollen kvart 3. år er på omlag 10 000 kroner. Forsikringsselskapa har også rabattordning som gjeld termografi. Gjensidige aukar rabatten med 15 %. Norges Bondelag har nå ei ordning med tilskott på 5000 kroner for gjennomført termografi.

Kravet om innebygd system for å unngå varmgang i vifter medfører moderate kostnader. Produsenten Bruvik opplyser at nye vifter kostar mellom 2000 og 3000 kroner. Tilleggsalarmen til gamle vifter kostar omlag 1000 kroner.

**Mjuk liggeplass for alle med unntak for sauer og geiter**
Vi foreslår at alle storfe og svin skal få ligge mjukt. Tunge dyr som oksar og purker har i høgaste grad behov for eit mjukt leie. Dei gjeldande haldforskriftene har ikkje vore til hinder for at oksar og ungdyr vert oppstalla på betongspalteplank, at purker ligg på betonggolv med lite strø eller at småfe ligg på strekkmetall.

Kravet i forskriftstutkastet § 14 andre ledd om at underlaget på liggeplassen skal vere mjukt for dyra, gjeld som hovudregel for alle dei fire dyreslaga. Underlaget skal vere tilpassa behovet for kvart enkelt dyr. Ein vegleiar til forskrifta vil gå nærmare inn på kva «mjukt» inneber for dei ulike dyregruppene. For kyr og kviger før kalving er det likevel klart at kravet til liggemattene vil vere som nå. Purker må vere sikra eit liggeunderlag som med god margin hindrar bogsår.

For småfe foreslår vi eit unntak frå kravet til mjukt underlag. Dette er i samsvar med forsking frå NMBU (Engelien Johanssen 2016). Resultatet frå forskingsarbeidet synte at sauer like gjerne ligg på strekkmetall som på perforerte golv av anna materiale.

Forslaget vil utløyse eit behov for investeringar i mange dyrehald med storfe. Dette kan vere enkle tiltak med moderate kostnader. Gummimatter kan tilpassast alle typer betongspaltegolv og er prismessig på line med båsmatter, omlag 650 kroner per kvadratmeter. Nye fjøs blir i stor grad planlagt med gummimatter på spalteplank. Både frå produsenthald og fagmiljø blir det peika på gevinst i form av betre helse og auka tilvekst ved bruk av gummimatter på betongspaltegolv der dyra skal ligge. Produsentar og forhandlarar argumenterer med rask inntening av investering i fjøsmatter.

I grisehalda må dyrehaldarane enten investere i liggematter eller kjøpe større mengder strø.

**Ikkje andre dyr enn sau, geit og hjortedyr utandørs heile året utan opphaldsrom**
Vi foreslår å stramme inn haldet av dyr utandørs utan opphaldsrom heile året. Vi vil oppheve forskrifta om unntak frå kravet om opphaldsrom og vidareføre opninga for slikt hald av sau og geit i den nye velferdsforskrifta § 48 og for tamrein og andre hjortedyr i produksjonsdyrforskrifta § 8a. Den gjeldande forskrifta opnar i utgangspunktet for løyve til å halde alle dyreslag på denne måten. Vi vil avgrense løyveordninga slik at dyrehaldarane ikkje kan få halde andre dyr som for eksempel storfe, svin, lama og alpakka utan opphaldsrom.

Koplinga mellom normal beiteperiode og kravet om opphaldsrom i dyrevelferdsloven § 23 tilseier at unntaket frå krav om opphaldsrom skal vere knytt til eit reelt beite. Forskrifta skal ikkje kunne opne for at småfehald skal sleppe kravet om opphaldsrom sjølv om verlaget aleine kunne tilseie dette. Det same gjeld for hardføre storferasar. Det er ikkje vinterbeitegrunnlag for storfe i Noreg utan fast tilleggsfôring. Det same gjeld for gris, alpakka og lama.

Løyve etter den gjeldande forskrifta fell bort når den nye forskrifta trer i kraft. Sjå § 58 andre ledd. Saue- og geitehalda må søke på nytt for å kunne halde fram med driftsforma. For storfe vil slike driftsformer måtte avsluttast når dispensasjonen går ut.

Hjortedyr lever naturleg i Noreg utan opphaldsrom. At tamrein kan haldast ute heile året utan opphaldsrom, bør vidareførast i produksjonsdyrforskrifta. Andre hjortedyr i oppdrettshegn skal i utgangspunktet ha tilgang til opphaldsrom utanom den normale beiteperioden. Hegn som gir dyra tilstrekkelg ly på anna vis, treng likevel ikkje ha opphaldsrom. Produksjonsdyrforskrifta.§ 8 a nemner vilkåra for ikkje å gi dyra tilgang til opphaldsrom.

**Kalvar i enkeltbingar berre til 6 veker, ikkje 8 veker**
Vi foreslår å korte ned makstida i enkeltbinger for kalver frå 8 til 6 veker i § 29. Kalvar bør ikkje stå aleine for lenge. Grensa på 8 veker kjem frå EU og passar ikkje i moderne norske storfehald. Veterinærinstituttet har kome med innspel om at enkeltbingane er for små. Å avslutte oppstallinga i enkeltbingar ved 6 vekers alder vil delvis kompensere for dette.

Frå næringa er det opplyst at 8 vekers oppstalling i enkeltboksar gjeld eit mindretal. I desse dyrehalda blir det nødvendig å ordne alternativ til oppstalling i enkeltbingar av kalvar mellom 6 og 8 veker. Mindre tiltak for å ominnreie opphaldsrommet vil til vanleg kunne gi rom for fleire fellesbingar.

**Ny presisering av kva for kyr som kan dresserast med kutrenar**
Vi foreslår i forskriftsutkastet § 30 at kutrenarar ikkje kan brukast på kyr i sintida, altså tida da kyrne ikkje lakterer. Dette er ei innskrenkande presisering av gjeldande regel, som avgrensar bruken til «kyr i melkeproduksjon». På nettsidene til TINE er det rettleiing om bruk av kutrenar, der det heiter at kutrenar ikkje skal nyttast dei siste 4 vekene før kalving. Dette er langt på veg i samsvar med at kutrenaren ikkje skal nyttast over kyr i sintida.

Bruken av kutrenar er eit velferdskompromiss. Kutrenaren påfører dyra smerte og stress, men medverkar samstundes til å redusere den plagsame tilgrisinga av buk og lår. Krava til god mjølkehygiene spelar også inn. Dette siste momentet gjeld då ikkje for sinkyr. Sinkyr står dessutan på mykje svakare fôring enn mjølkekyr og har såleis fastare avføring. Det vil altså vere lettare å halde sinkyr reine utan bruk av kutrenar.

**Mosjon på beite for oksar på bås etter 2024**
Vi foreslår i forskriftsutkastet § 31 at ukastrerte oksar på bås skal ut på beite frå 2024, og at beitetida også for oksane skal vere 16 veker. Etter kvart som det blir bygd nye lausdriftsfjøs med større kapasitet, ser Mattilsynet at dei ledige båsfjøsa kan bli tatt i bruk for å oppstalle oksar. Båsane i desse fjøsa er i utgangspunktet tilpassa storleiken på kyr. Oksane kan etter den gjeldande storfehaldforskrifta stå oppstalla på bås kontinuerleg frå dei er 6 månader gamle til dei blir slakta. Det er derfor ein fare for at fleire og fleire oksar blir ståande i båsar, og at båsane blir for trange fram mot slaktetidspunktet. Dette er ikkje bra for dyrevelferda.

Storfe som blir oppstalla på bås etter 2024, skal som kompensasjon ha ekstra lang beitetid. I storfehaldforskrifta er det likevel unntak for å sende oksar over 6 månader på beite uansett oppstalling. Vi meiner at dei ukastrerte oksane også bør få vere ute så lenge, når dei først skal ut.

Dersom det er beiteteknisk vanskeleg å sleppe ut oksane, kan dyrehaldaren unngå kravet ved å ominnreie båsfjøset til lausdrift mellom anna i form av bingar.  Forskrifta legg elles opp til at oksar kan kastrerast utan vilkår. Desse vil då lett kunne sleppast på beite.

**Avhorning av kalvar til 8 veker, ikkje berre 6 veker**
Vi foreslår i forskriftsutkastet § 33 å utvide tida da hornanlegga hos kalvar kan fjernast. Det kan vere ein fordel for velferda i buskapen å fjerne hornanlegga. Men det må skje før kalvane blir så store at inngrepet blir for omfattande. I VKM-rapporten «Dyrevernsmessige konsekvenser ved avhorning og kastrering av kalv og kje» frå 2005 er det vist til at immunstatusen hjå kalvar er på det lågaste mellom 6 og 8 veker, og dei er da meir mottakelege for infeksjonar. Feltforsøka som inngår i rapporten, viser likevel ikkje til noko negativt utslag av avhorning etter 6 veker.

Storfehaldforskrifta har forbod mot avhorning av kalvar over 6 veker. Dispensasjon blir bare gitt i særlege tilfelle. Dette er tilfelle som normalt ikkje gjentar seg. Ein kan derfor kan derfor ikkje rekne med å få dispensasjon frå forbodet for kalvar som på grunn av sjukdom ikkje bør avhornast innan fristen. Det same gjeld for kalvar med sein hornvekst, og som går for å vere kolla når dei er 6 veker. Vi meiner at ein generell utvida frist vil vere formålsteneleg for å kunne avhorne kalvane til rett tid. Ei alternativ ordning med løyve etter søknad synast unødig tungvinn.

**Årlege veterinærbesøk hos slaktegrisar**
Vi foreslår i § 44 første ledd at dei som leverer fleire enn 10 slaktegrisar i året, skal sørge for at ein veterinær vurderer og gir råd om velferda i slaktegrishaldet minst ein gong i året. Forslaget kjem etter dialog med og ønske frå næringa.

Vi har drøfta om kravet burde gjelde alle dyrehald. Veterinærane gjer eit viktig arbeid for dyrevelferda i tillegg til det reint helsemessige arbeidet. Dei fleste dyrehalda har jamleg besøk av veterinær. Bruk med produksjon av mjølk og produksjon av smågris nyttar veterinærtenestene mest. Sauehalda har fast besøk av veterinær for vaksinering av søyene før lamming. På bruk med ammeku, slakteoksar og slaktegris kan det derimot gå lang tid mellom kvar gong ein veterinær er på besøk. Eit forskriftsfesta krav om faste veterinærbesøk vil for denne siste gruppa utgjere størst meirkostnad, men vil også kunne gi størst velferdsgevinst. Tilsynet med svinenæringa har i den siste tida vist at behovet for veterinærbesøk er aller størst for slaktegris.

Den norske veterinærforening (DNV) har i lengre tid gitt innspel om forskriftsfesta veterinærbesøk i alle produksjonsdyrehald. Mattilsynet har ikkje utfordra DNV om det er nok veterinærar til dette. Ei avgrensa ordning for slaktegris vil tene som ei pilotordning for å få kunnskap om tidsbruk og kapasitet. Ordninga vil også gi ein peikepinn på om forskriftsfesta veterinærbesøk på sikt bør utvidast til å gjelde fleire dyreslag.

Grensa på 10 leverte slaktegrisar i året er låg, men utelukkar for eksempel dei som berre har gris om sommaren for slakt til eige hushald. Det er elles vanleg at små produsentar tilkallar veterinær for å vaksinere mot raudsjuke. Vaksineringa kan kombinerast med det forskriftsfesta velferdsbesøket.

**Obligatorisk velferdsprogram for slaktegris**
Mattilsynet gjennomførte i 2017 og i 2018 ein tilsynskampanje i dyrehald med slaktegris i Rogaland. Kampanjen synte at slaktegrisproduksjonen har særlege velferdsutfordringar. Næringa innfører i 2019 eit velferdsprogram for slaktegris som svarer på desse utfordringane.

Vi foreslår i § 44 andre ledd eit krav om at dei som leverer fleire enn 750 slaktegrisar i året, skal delta i slike private dyrevelferdsprogram. Grensa på 750 samsvarer med grensa mellom eitt og to årlege veterinærbesøk i velferdsprogrammet som næringa nå innfører.

Næringa har som målsetting at alle produsentane av slaktegrisar skal vere med i programmet som blir innført, og dei som ikkje deltek får lågare slaktepris. Vi foreslår likevel ikkje å gjere deltaking i velferdsprogram obligatorisk for mindre produsentar. For dei minste produsentane kan slike program krevje administrativ oppfølging som ikkje står i forhold til produksjonen. Dei økonomiske insentiva vil langt på veg avgjere storleiken på gruppa som ikkje deltar i program. Forskriftskravet om veterinærbesøk vil venteleg gjere at mange av dei mindre produsentane også blir med. Dei som følger velferdsprogrammet, vil samstundes oppfylle forskriftskrava om velferdsplan og dokumentasjon.

**Innreidde opphaldsrom for å aktivisere geiter**
Geiter har stort behov for aktivitet. Mange geitefjøs er innreidde slik at geitene kan aktivisere seg. Dei kan mellom anna klatre i trapper eller hoppe opp på pallar, kasser eller hyller. Dette er ofte enkle tiltak. Vi foreslår eit krav om dette i § 46 andre ledd.

## *6. Merknader til kvar paragraf i utkastet til fellesforskrift*

**Merknader til namnet på forskrifta**
Namnet viser kva slags dyr som er omfatta av forskrifta, og at forskrifta dreier seg om velferd for desse dyra. Forskrifta får ikkje eit offisielt kortnamn. Kortnamnet i Lovdata kan vere «velferdsforskrifta for storfe, svin, sau og geit».

**Merknader til kapittel I om innleiande reglar**
Dette kapitlet inneheld dei vanlege reglane om formål, virkeområde og legaldefinisjonar.

**Merknader til § 1 om formålet med forskrifta**
Formålet i dyrevelferdsloven er presisert saman med formål frå haldforskriftene.

**Merknader til § 2 om virkeområde**
I *første ledd* er det presisert kva forskrifta gjeld. Omgrepet «hald» i *første punktum* omfattar i utgangspunktet alle former for å eige eller rå over levande dyr same kva formålet er. Mellombels hald av dyr på slakteri og om bord på transportmiddel er fullt ut regulert i særforskrifter. Den generelle velferdsforskrifta gjeld likevel for oppstalling på oppsamlingssentralar og kontrollstasjonar i samband med transport.

Dyreslaga storfe, svin, sau og geit er nærmare definerte i § 3.

*Andre punktum* gjer unntak for kjælegris. Dette er grisar som hovudsakleg haldast på same måte og av same grunnar som hund og katt. Forskrifta er ikkje utforma for å regulere slike kjæledyrhald som er nært knytte til heimen. Hald av storfe, sau og geit som kjæledyr er derimot regulert av forskrifta, sidan desse dyreslaga bør haldast i fjøsmiljø.

I *andre ledd* er det presisert kven forskrifta rettar seg mot. Dette seier kven som kan vere pliktsubjekt dersom det ikkje framgår av krava i forskrifta. Alle som gjer noko i dyrehaldet som kan påverke dyrevelferda der, «deltar i drifta» av det. Dette gjer at forskrifta omfattar tilsette og innleigde røktarar, men også for eksempel veterinærar og klauvskjerarar som berre utfører avgrensa oppdrag i dyrehaldet. Juridiske personar kan vere omfatta som dyreeigarar eller involverte verksemder som for eksempel avlsorganisasjonar. Andre aktivitetar med dyr kan for eksempel vere avlsarbeid.

Dei nye krava om formell kompetanse i § 6, velferdsplan i § 7 og velferdsdokumentasjon i § 8 er berre retta mot dei som driv med næringsretta dyrehald som definert i § 3 bokstav b.

I *tredje ledd* blir forholdet mellom kapitla i forskrifta avklart for lesarane. Dei generelle hovudreglane står i kapitla II, III og IV. Kapittel II gjeld visse grunnleggande forhold. Kapittel III gjeld korleis levemiljøet skal vere. Kapittel IV gjeld kva dyrehaldaren skal gjere for å sikre god dyrevelferd. Unntak og tilleggskrav for dei ulike dyreslaga og kategoriar innan kvart dyreslag står i kapitla V, VI og VII. For å vite kva som gjeld, må ein altså lese hovudreglane, unntaka og tilleggskrava i samanheng. Dei fleste hovudreglane viser ikkje til unntaks- og tilleggsreglane. Men mange av unntaks- og tilleggsreglane viser til dei generelle hovudreglane.

I *fjerde ledd* blir særleg forholdet til plan- og bygningsregelverket avklart. Bygningskrava i forskrifta kan ikkje unnta frå andre byggtekniske krav. Dette gjer mellom anna at unntaka frå kravet om brannalarmanlegg i § 17 ikkje gjeld fjøs som skal oppfylle det generelle alarmkravet i forskrift 26. mars 2010 nr. 489 om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift eller TEK 17) § 11-12 andre ledd bokstav a.

§ 2 preiserer ikkje kvar forskrifta gjeld. Det geografiske virkeområdet følger derfor direkte av dyrevelferdsloven § 2.

**Merknader til § 3 om definisjonar**

Definisjonen av «dyrahaldaren» i *bokstav a* er ny og basert på forklaringa i Ot.prp. nr. 15 (2008-2009) side 96: «Dyreholder omfatter både eier og den som har ansvaret for dyr når eier ikkje kan ivareta eieransvaret, eksempelvis ansvarlig for dyretransport, slakteri mv.»

Definisjonen av omgrepet «næringsretta dyrehald» i *bokstav b* tilsvarer definisjonen av det same omgrepet i den nye dyrehelseforskrifta.

Definisjonen av «fritt areal» i *bokstav c* tilsvarer definisjonane i haldforskriftene for storfe og svin.

Definisjonen av «normal beiteperiode» i *bokstav d* er ny. Perioden varer frå graset og andre beiteplantar i området byrjar å gro og så lenge dei står og innheld næring for dyra. Den normale beiteperioden er over når plantene er visne og tørre og inneheld lite næring. Beiteperioden varierer etter kor i landet dyra er og kva slags dyr som beiter. Vi viser til Ot.prp. nr. 15 (2008-2009) side 109: *«Normal beiteperiode varierer med de forskjellige landsdelers ulike naturgitte forutsetninger og de enkelte dyrearters behov.»*

Definisjonane i *bokstavane e til u* gjeld dyrartane og kjønn og aldersgrupper innanfor kvart dyreslag. «Kalv» og ulike grupper av svin er definert i samsvar med direktiv 2008/119/EF om kalv og direktiv 2008/120/EF om svin. Definisjonane av «storfe», «ku», «kvige», «okse», «sau», «lam», «geit» og «kje» er nye. Med «månad» meinast kalendermånad.

**Merknader til kapittel II om generelle reglar**
Dette er det første av tre kapittel med reglar som gjeld alle dei fire dyreslaga. Kapittel II inneheld diverse reglar om ulike generelle tema.

**Merknader til § 4 om grunnleggande krav**
I *første ledd første punktum* får dyrehaldaren hovudansvaret for at dyra har det godt, og at krava i forskrifta blir oppfylte. Dette gjennomfører kravet i direktiv 1998/58/EF om produksjonsdyr. Om dyrehaldaren ikkje sjølv kan sikre velferda, skal dyrehaldaren få avløysaren, røktaren eller andre til å gjere det som er nødvendig.

*Andre punktum* gjeld såkalla velferdsindikatorar. Nokre er baserte på dyra sjølve, for eksempel kor skitne dei er. Andre er baserte på ressursar som for eksempel fôrmengda, eller truslar som for eksempel rovdyr. I forskrifta brukar vi ordet «teikn» i staden for indikator. I tillegg kan andre forhold i dyrehaldet seie mykje om velferda og faren for dårleg velferd. Dyrehaldaren får ei ny plikt til å følge med i dyrehaldet for å oppdage døde dyr, sjukdom, sår, skader, avmagring, avvikande åtferd, rovdyr, fôrmangel og andre indikatorar på at dyra har eller står i fare for å få dårleg velferd. Dyrehaldaren skal vurdere og følge opp slike teikn.

*Tredje punktum* pålegg dyrehaldaren, røktarar, avløysarar og andre som er involverte i drifta, å ta visse omsyn. Det eine er omsynet til kvart dyr og den eigenverdien som dyret har etter dyrevelferdsloven § 3. Omsynet til eigenverdien kan gjere at påkjenningar som dyra blir utsette for i produksjonen, må reknast som unødvendige.

Det andre omsynet gjeld den «naturlege trongen» til dyra, slik det var formulert i den gamle dyrevernloven § 2. For å trivast må dyra ha meir enn det dei strengt tatt treng for å overleve og ha god helse. Dei treng også å kunne utfalde seg naturleg. Omsynet til dei naturlege behova kan gjere det nødvendig å endre forholda for dyra.

*Andre ledd* tilsvarer dei generelle krava i dyrevelferdsloven § 3 og produksjonsdyrdirektivet artikkel 3 og vedlegget punkt 12.

*Tredje ledd* stiller nye krav om at talet på dyr skal vere tilpassa ulike faktorar i dyrehaldet. Krava i *bokstavane a til d* gir Mattilsynet ein klarare heimel til å fatte vedtak om å redusere dyretalet. Andre paragrafar i forskrifta har motsvarande krav om areal, ressurstilgang, personell og kompetanse.

**Merknader til § 5 om melding om dyrehald**
Paragrafen vidarefører i *bokstavane a, b, c, f og g* meldekrava i forskriftene om hald av storfe, svin og småfe og sikrar at krava er heimla i dyrevelferdsloven. Krava kjem i tillegg til krava i forskriftene etter matloven om merking av dyra. Merkeforskrifta for svin § 4 har framleis krav om å melde nokre av dei same opplysningane som § 5.

Kravet i *bokstav d* om å melde frå om uteområde er nytt. Kravet i bokstav e om å melde frå om oppstallinga er også nytt.

**Merknader til § 6 om personell og kompetanse**
*Første ledd* er eit krav om å ha mange nok folk med kompetanse til å stelle dyra. Kravet tilsvarer kravet i produksjonsdyrdirektivet og presiserer dyrevelferdsloven § 6 første ledd første punktum.

*Andre ledd første og andre punktum* vidarefører og presiserer kompetansekravet i haldforskriftene. Kravet gjeld den reelle kompetansen til dyrehaldaren og dei andre som deltek i drifta. Dyrehaldaren må ifølge første punktum halde seg oppdatert om kva som er god velferd for dyra.

Andre punktum er eit krav om praktisk dugleik innan stell av dyr. *Tredje punktum* heng saman med § 4 første ledd andre punktum og er eit nytt krav om å kunne sjå at dyra ikkje har det bra. Begge krava gjeld alle som deltar i den daglege drifta.

*Tredje ledd* er eit nytt krav om formell og dokumentert kompetanse om dyrevelferd. *Første punktum* er hovudregelen. Kravet om utdanning eller kurs gjeld ikkje røktarar og andre som berre deltar i drifta utan å vere rekna som dyrehaldar.

Dyrehaldaren skal fullføre ei organisert opplæring i dyrevelferd. Det kan skje gjennom utdanning på skole eller på kurs arrangert av organisasjonar eller andre. Dyrevelferd kan vere eitt av fleire fag i utdanninga, som for eksempel i veterinærmedisin og husdyrfag. Kursa kan vere reine dyrevelferdskurs eller kurs som dekker dyrevelferd, dyrehelse og andre tema.

Dyrehaldarene får same frist som i den nye dyrehelseforskrifta til å skaffe seg den formelle kompetansen. Nye dyrehaldarer får eitt års frist i tredje ledd *andre punktum*.

*Tredje punktum* handlar om dei emna som opplæringa skal dekke. Dyrehaldarane har ansvaret for å skaffe seg formell kompetanse om alle emna. Mattilsynet skal ikkje godkjenne opplæringa og kan heller ikkje pålegge skolar og kursarrangørar å undervise i emna. Skolane og kursarrangørane bør likevel tilby opplæring i alle emna slik at dyrehaldarane kan oppfylle kompetansekravet.

*Bokstavane a og b* indikerer at opplæringa må gjelde dei dyra og den driftsforma som dyrehaldaren har. Bokstav c gjeld særleg dyrevelferdsloven og denne forskrifta. *Bokstav d* knyter saman dette opplæringskravet og kravet om formell dyrehelsekompetanse. *Bokstav e* gjeld

UTKAST

indikatorar på god og dårleg velferd. Ifølge *bokstav f* skal dyrehaldarane også lære å lage ein velferdsplan etter § 7.

*Fjerde ledd* gjer unntak frå kurskravet i tredje ledd. *Bokstav a* tilsvarar unntaket frå kurskravet i dyrehelseforskrifta § 7, men har eit meir presist innhald sidan det visast til emna i tredje ledd. Utdanningar som veterinær, dyrepleiar, etolog og agronom med husdyrfag omfattar gjerne desse emna.

Ifølge *bokstav b* gjeld kurskravet heller ikkje personar som fungerer som vikarar når den faste dyrehaldaren er fråverande i korte periodar. Slike avløysarar er dyrehaldarar etter definisjonen i § 3, men treng altså ikkje å oppfylle kravet om formell kompetanse. Om dyrehaldaren for eksempel er langtidssjukemeldt, må avløysaren ha den formelle kompetansen i orden.

**Merknader til § 7 om velferdsplan**
Kravet om at dyrehaldaren skal ha ein velferdsplan, er nytt. Ifølge *første ledd* skal dyrehaldaren halde planen oppdatert etter som dyrehaldet, regelverket og kunnskapen om dyrevelferd endrar seg. Velferdsplanen skal vere tilpassa arten og omfanget av dyrehaldet og dei særlege velferdsutfordringane i dyrehaldet.

Dyrehaldaren sjølv er i utgangspunktet best skikka til å fastsette ein gjennomtenkt og formålsteneleg plan. Dyrehaldarane bør likevel søke hjelp frå rådgivarar om det er nødvendig. Det kan også vere praktisk å jobbe med velferdplanen på velferdskursa. Mange av punkta i velferdsplanen er omfatta av standarden til Kvalitetssystem i landbruket (KSL). Det bør derfor vere mogleg å samordne velferdsplanen og KSL-opplegget for dyrehaldet. Velferdsprogrammet for slaktegris skal sørge for at deltakarane oppfyller § 7.

Velferdsplanen er to-delt ifølge *andre ledd første punktum*. Den eine delen er planteikningar med forklaringar og kart over beiteområde og andre uteområde for dyra. Den andre delen er skriftlege rutinar.

Planteikningane og forklaringane skal ifølge *andre punktum* gje opplysningar om fire viktige velferdsfaktorar i driftsbygningen. *Bokstav a* gjeld oppstallinga og krev teikning og forklaring av lausdrift, båsar, bingar, omsorgsbingar og kva kategori dyr som er oppstalla på ulike stader. *Bokstav b* gjeld golvet og underlaget og krev teikning og forklaring av spaltegolv, tette golv, talle, djupstrø og matter. *Bokstav c* og *bokstav d* krev teikning og forklaring av rømmingsvegar, utgangar og brannsløkkingsutstyr.

Karta skal vise kor uteområda ligg og kva slags terreng det er der.

*Tredje ledd* handlar om dei skriftlege rutinane. Meininga med og ambisjonen for dei skriftlege rutinane er presisert i *første punktum.* Dyrehaldaren skal hjelpe seg sjølv til å sikre alle dyra god velferd overalt og året rundt. Rutinane skal dekke drifta inne og ute. Rutinane skal også få fram kva som blir gjort for alle dei ulike gruppene av dyr i ulike produksjonssamanhengar.

Dyrehaldaren skal ifølge *andre punktum* skrive ned tidspunkt og metodar for visse handlingar i dyrehaldet. Pliktene til å handle følger av andre paragrafar i forskrifta.

*Bokstav a* gjeld rutinar for å oppfylle krava i § 24 om fôr og vatn. *Bokstav b* gjeld rutinar for å oppfylle dei hygieniske krava i § 25. *Bokstav c* gjeld rutinar for førebyggande helsearbeid etter § 27 første ledd. *Bokstav d* gjeld rutinar for å oppfylle krava i § 27 om behandling og andre tiltak for sjuke, skadde, fødande og andre trengande dyr. Det er også krav om rutinar om tiltak overfor farar i utmarka. *Bokstav e* gjeld rutinar for å sikre lovleg kastrering og avhorning. Det er også krav om rutinar for nødavliving og anna avliving av dyr i dyrehaldet.

*Bokstav f* gjeld rutinar for å oppfylle kravet i § 25 sjette ledd om å vurdere klauvene med jamne mellomrom. *Bokstav g* gjeld rutinar for å oppfylle mosjonskrava i § 31 og 47. Rutinane skal òg gjere greie for korleis eventuelle fysiske eller virtuelle gjerder er trygge for dyra. *Bokstav h* gjeld rutinar for å oppfylle klimakrava i § 18 og skal gjere greie for kvifor alarm eventuelt ikkje er nødvendig. *Bokstav i* gjeld rutinar for å oppfylle det særskilde kravet i § 18 fjerde ledd om å verne

dyra mot skadelege gassar frå gjødselkjellaren. *Bokstav j* gjeld rutinar for å skaffe avløysar om dyrehaldaren tar fri, reiser vekk, er sjuk eller kjem i ei livskrise.

*Fjerde ledd første punktum* gjeld rutinar for å oppfylle krava i § 16 om å forebygge og handtere brann. *Andre punktum* er eit krav om å henge opp ei visuell forklaring av korleis ein kan evakuere dyr frå driftsbygningen. Teikninga skal også vise kor brannsløkkingsutstyret er.

Etter *femte ledd* har dyrehaldaren plikt til å kjenne og følge sine eigne rutinar. Dyrehaldaren har også ansvaret for at anna personell i dyrehaldet kjenner og følger rutinane. Her må dyrehaldaren ta omsyn til kva kompetanse personellet har og kva for språk dei forstår. Dersom personellet ikkje forstår norsk, bør rutinane omsettast til deira eigne språk.

Kravet om å vise fram velferdsplanen for Mattilsynet står i § 8 femte ledd andre punktum.

**Merknader til § 8 om velferdsdokumentasjon**

Kravet i *første ledd* om at dyrehaldaren skal skrive ned tidspunkta for ulike viktige handlingar, er nytt. For å skje fortløpande må tidspunkta skrivast ned så snart handlingane er utførte. Det held ikkje å gjere det med jamne mellomrom eller som «skippertak». Opplysningane kan skrivast ned manuelt eller digitalt etter kva som passar for dyrehaldaren og det systemet dyrehaldaren eventuelt er knytta til. Dyrehaldaren kan overlate til andre å skrive så lenge det skjer fortløpande og opplysningane er korrekte.

*Bokstav a* gjeld kontroll av utstyr og innretningar etter § 13 tredje og av mjølkeanlegg etter fjerde ledd. *Bokstav b* gjeld vedlikehald og kontroll av elektriske anlegg etter § 16 tredje ledd. *Bokstav c* gjeld testing av alarmsystem etter § 17 første ledd tredje punktum og § 18 tredje ledd andre punktum.

Ifølge *bokstav d* skal dyrehaldaren ha dokumentasjon som viser kva tid for eksempel grisungar blir kastrerte, og at det var innanfor fristen etter § 45. Det same gjeld for eksempel når kalvar blir avhorna.

*Bokstav e* krev datoar som viser om mosjons- og beitekrava i § 31 og § 47 er oppfylte. *Bokstav f* gjeld tilsyn i utmarka etter § 22 tredje ledd andre punktum og fjerde ledd. *Bokstav g* gjeld tiltak overfor dyr utan opphaldsrom etter § 48.

*Bokstav h* krev datoar for starten på automatfôring etter § 41 første ledd tredje punktum. I tillegg skal dyrehaldaren ifølge § 41 første ledd fjerde punktum journalføre kvifor spedgrisen blir fôra med hjelp av automat. *Bokstav i* gjeld dato for fiksering av purker etter § 43. *Bokstav j* gjeld dato for veterinærbesøk i dyrehald med slaktegris etter det nye kravet i § 44.

*Andre ledd* krev dokumentasjon av tiltak for å rette avvik etter dokumenterte kontrollar.

*Tredje ledd* gjeld veterinærmedisinske opplysningar. Dyrehaldaren kan og bør overlate til veterinæren å skrive ned desse opplysningane. *Bokstav a* gjeld identiteten til veterinæren. *Bokstav b* krev dokumentasjon av bedøving og smertebehandling av dyr som blir kastrerte eller avhorna.

*Bokstav c* koblar saman dokumentasjonskrava i velferdsforskrifta og dyrehelseforskrifta. Eit brot på plikta til å skrive ned helseopplysningar og opplysningar om dyr som blir behandla, avliva eller døyr sjølv i dyrehaldet, er med dette også eit brot på velferdsforskrifta.

*Fjerde ledd* er ein særskilt heimel for Mattilsynet til å pålegge dyrehaldarar å dokumentere fleire forhold. Men dette må vere forhold som er viktige å få dokumentert for å betre velferda i det aktuelle dyrehaldet.

*Femte ledd* tilsvarer krav i produksjonsdyrdirektivet. *Første punktum* handlar om kor lenge dei dokumenterte opplysningane skal vere tilgjengelege. *Andre punktum* gjeld plikta til å legge fram både velferdsplanen etter § 7 og dokumentasjonen etter § 8.

UTKAST

**Merknader til § 9 om avl**
*Første ledd* seier kva avlen skal føre til. *Første punktum* gjeld dyra. Avlen skal føre til at dyra har god helse, toler nødvendige påkjenningar og har eit arvemateriale som gir dyret gode sjansar for god velferd. *Andre punktum* gjeld meir generelt for dyreartane og dei ulike rasane innan kvar dyreart. Avlsorganisasjonane har eit særleg ansvar for dei lange linene i avlsarbeidet, og at utviklinga av artane og rasane gjer livet betre for dyra.

*Andre ledd* seier kva for dyr ein skal og ikkje skal avle på. *Første punktum* krev at dyra ikkje er sjuke, og at dei fungerer godt i eit dyrehald. *Andre punktum* er nytt og forbyr avl på dyr som ein veit kan overføre arvelege sjukdommar og fysiologiske avvik. Forbodet gjeld særleg avlsorganisasjonar som har kunnskap om at foreldra til dyret, dyret sjølv eller avkom frå dyret har slike sjukdommar eller avvik.

*Tredje ledd* tilsvarer kravet om trygg reproduksjon i produksjonsdyrdirektivet. Kravet skal verne hodyra mot skadar og andre påkjenningar på grunn av sjølve paringa, insemineringa eller implanteringa. Det skal også verne mot fødselsvanskar. Eit særleg problem er mordyr som ikkje er utvaksne. Paring av for små og for unge kviger og påsettlam er i strid med tredje ledd.

§ 9 presiserer ikkje forbodet i dyrevelferdsloven § 25 mot avl som vekker allmenne etiske reaksjonar.

**Merknader til § 10 om tamme dyr**
Denne paragrafen samanfattar og vidarefører gjeldande krav om dette i haldforskriftene.

**Merknader til kapittel III om levemiljøet til dyra**
Kapitlet inneheld hovudreglane om korleis levemiljøet skal vere inne og ute. Tilleggsreglar og unntak er fastsette i § 28, § 29, § 30, § 31, § 34, § 35, § 36, § 37, § 38, § 39, § 40, § 46, § 47 og § 48.

**Merknader til § 11 om fri rørsle og sosial kontakt**
*Første ledd* er ein ny hovudregel om fri rørsle utleia av produksjonsdyrdirektivet, påbodet om lausdrift for storfe og krav i haldforskriftene elles om nok plass. Kravet gjeld både inne og ute. Dyra skal innan rammene for dyrehaldet kunne snu seg rundt, legge seg ned, pleie seg sjølv og avkomet og elles røre seg på naturleg vis. Det er altså som hovudregel forbode å ha dyr på bås eller å fiksere eller binde dei slik at dei ikkje kan røre seg fritt. Det er også forbode å ha for mange dyr i bingen.

Krava i § 14 og § 21 om at alle dyr skal kunne ligge samtidig, heng saman med hovudregelen om fri rørsle. Det same gjeld kravet i § 25 om at dyra skal kunne stelle seg sjølve, og krava om storleiken på bingar for kalvar i § 29 og for svin i § 36, § 37, § 38 og § 39.

§ 11 *andre ledd* er ein ny hovudregel om sosial kontakt utleda av slike krav i direktiva og haldforskriftene. Om det er to eller fleire dyr i dyrehaldet, skal dyra kunne ha kontakt med eitt eller fleire av dei andre dyra. Kravet gjeld både inne og ute. Dyra skal gå saman eller kunne røre kvarandre og ha kroppsleg kontakt for eksempel over eller gjennom bingeskilje, båsskilje eller gjerde. Det treng ikkje vere dyr av same art.

*Tredje ledd* opnar for mange unntak frå hovudreglane om fri rørsle og sosial kontakt. § 12 set nokre grenser for kor frie dyra må vere, og kor mykje sosial kontakt dyra må ha i fjøset. § 15 gir rett til å hindre rørsle i omsorgsbingar og til å skjerme dyr frå andre dyr. § 26 gir rett til å binde og fiksere dyr av praktiske omsyn. § 28 gir rett til å halde fram med båsfjøs for storfe til 2034. § 29 gir rett til å halde kalvar i enkeltbingar, men kalvane skal kunne sjå og røre kvarandre. § 32 gir rett til å binde kalvar som får mjølk. § 34 krev skilje dersom det er nødvendig for å dempe aggresjon, men enkeltståande svin skal sjå, lukte og høyre andre svin. § 43 gjev rett til å fiksere purker i samband med fødsel. § 52 gjev rett til å isolere vêrar og bukkar frå andre dyr i paringstida.

**Merknader til § 12 om bygningar og opphaldsrom**
*Første ledd* presiserer dyrevelferdsloven § 22 og er med å vidareføre ordninga med at sau og geit kan vere ute utan tilgang på opphaldsrom utanfor beitesesongen. *Første punktum* er hovudregelen

som krev at dyr enten er inne eller kan velje om dei vil vere ute eller inne. Det rommet som dyra er eller kan velje å vere i, skal passe som opphaldsrom for dyreslaget og skal verne dyra mot farar. Nærmare krav står i det andre leddet.

*Andre punktum* gjer unntak for den normale beiteperioden slik han er definert i § 3 bokstav d. Krava om mosjon på beite står i § 31 og § 47.

*Tredje punktum* opnar for «utegangarordninga» som er nærmare regulert i § 48.

*Andre ledd* stiller krav til korleis fjøsa og dyreromma skal vere. *Første punktum* og *andre punktum* vidarefører det gjeldande kravet til enkle opphaldsrom som eit generelt minstekrav. Med «hovudretningar» meiner vi i utgangspunktet himmelretningane nord, sør, aust og vest. Andre punktum opnar for presenningar og andre løysingar enn vegger i den fjerde hovudretninga. Dei tradisjonelle fjøsa med tak og fire vegger oppfyller lett dette minstekravet. Det kan vere meir krevande å få det til i kaldfjøs og i skur på uteområde.

Krava er særleg viktige for dei som bygger nye fjøs, men gjeld også gamle fjøs om det viser seg at dei ikkje held mål. Med «bygde» i *tredje punktum* meiner vi både byggemetoden og byggemateriala. Med «utforma» meiner vi korleis fjøs er delt i rom med vegger, golv, tak, dører og vindauge. Med «innreidde» meiner vi korleis bingar og anna inventar er stilt opp. Med «utstyrte» meiner vi kva for utstyr som er installert, for eksempel kløbørstar. Med «vedlikehaldne» meiner vi korleis slitasje og skadar på flater, inventar og utstyr blir utbetra. Med «sikra» meiner vi korleis fjøset og romma blir gjort trygge for dyra.

*Bokstav a* gjeld samanhengen mellom levemiljøet og tilsyn og stell. Det skal vere lett å stelle og føre tilsyn med dyra i fjøset.

*Bokstav b* er ny og gjeld samanhengen mellom levemiljøet og tryggleik og trivsel. Dyra skal kunne klø seg på børstar eller andre eigna innretningar. Dei skal også ha plass til å sleike seg og halde seg sjølve og avkomet reine. Dette gjeld så langt som mogleg også dyr på bås. Dyra skal kunne trivast og kjenne seg trygge i fjøset. Dei skal ikkje vere utsette for å bli plaga av dei andre dyra. Kravet heng saman med § 11 om fri rørsle og sosial kontakt, § 25 om hygiene og ulike krav om å skilje dyr frå kvarandre.

*Bokstav c* gjeld både skarpe kantar og anna som kan skade dyra. Kravet gjeld også trange bingar og anna som kan gjere at dyra skader seg sjølve og kvarandre.

*Bokstav d* gjeld særleg materiala i opphaldsrommet, og om dei er lette å gjere reine.

*Bokstav e* presiserer § 11 og vidarefører krav frå produksjonsdyrforskrifta og produksjonsdyrdirektivet om å ikkje hindre den frie rørsla unødvendig.

*Bokstav f* gjeld korleis bygningen skal vere utforma for å få dyr ut av og inn i fjøset i vanlege situasjonar. Det står meir om dette i § 26 første ledd.

*Tredje ledd* gjeld korleis fjøset skal vere utforma med tanke på brann, ras, flaum og andre nødsituasjonar. Krava vidarefører og presiserer krava om dette i haldforskriftene.

Etter *første punktum* skal dyra kunne kome seg ut av opphaldsrommet gjennom minst to utgangar. Dette er ei presisering av dei gjeldande krava om rask evakuering. Utgangane frå rommet kan enten føre heilt ut av fjøset eller ut i eit anna rom eller gang som lett fører dyra til ein utgang heilt ut. Utgangane frå fjøset skal gjere det mogleg å evakuere dyr i ulike retningar. Kravet om å ha det ryddig for å kunne evakuere når det trengst, heng saman med det generelle ryddekravet i § 25. *Tredje punktum* krev at det også skal vere mogleg å kome seg inn i slike situasjonar. Plikta til å sløkke brann og evakuere dyr er regulert i § 17 siste ledd.

*Fjerde ledd* forbyr at dyr står over kvarandre på hemsar og hyller i same rom. Dette er berre lov for geiter etter § 46. Det er ikkje forbode å halde dyr i andre etasje, sjølv om det også kan skape problem.

UTKAST

**Merknader til § 13 om utstyr og innretningar**
*Første ledd* tilsvarer til dels § 12 andre ledd, men er meir generell. Kravet oppfyller produksjonsdyrdirektivet og vidarefører krava frå haldforskriftene.

*Andre ledd* stiller krav til opplegg for å fôre dyra og gi dei vatn. Krava heng saman med krava om fôr og vatn i § 24. *Bokstav a* krev eit stort nok og godt utforma fôringssystem. *Bokstav b* krev eit system som sikrar at alle dyra får drikke når dei treng det. *Bokstav c* gjeld samanhengen mellom tilgangen på fôr og vatn og dei sosiale tilhøva i flokken. *Bokstav d* krev at systemet legg til rette for å oppfylle dei hygieniske krava i § 24. *Bokstav e* krev at fôringsbrett, bøtter og liknande ikkje er for høge eller låge slik at alle eller nokre av dyra må ete og drikke i ei unaturleg stilling.

*Tredje ledd første punktum* krev dagleg kontroll av for eksempel automatiske fôringsanlegg. *Andre punktum* krev at dyrehaldaren rettar opp avvika som kontrollen viser, og at det skjer utan opphald. *Tredje punktum* krev at dyrehaldaren gjer noko anna for å sikre dyrevelferda om avviket ikkje kan rettast straks.

*Fjerde ledd* er eit nytt krav om kontroll av mjølkeanlegg. Kontrollen kan gjerne vere ein del av servicetilbodet frå leverandøren.

*Femte ledd* er eit nytt krav om å ha straumaggregat eller andre straumkjelder i reserve.

*Sjette ledd* forbyr seletøy, grimer, bjøller og anna utstyr som ikkje er nødvendig for den aktiviteten som dyret er ein del av. Forbodet gjeld ikkje nødvendig veterinærmedisinsk utstyr. Utstyret skal takast av når det ikkje lenger har den nødvendige funksjonen. Dette gjeld for eksempel bjøller når dyra er sanka inn frå beite.

*Sjuande ledd første punktum* forbyr som hovudregel fare for elektrisk støyt. Unntaka for nødvendig straumgjerde, lovleg bruk av kutrenar og anna dokumentert forsvarleg utstyr er nemnd i *andre punktum bokstavane a, b og c*.

**Merknader til § 14 om golv og liggeplass**
*Første ledd* gjeld golvet i opphaldsrommet. *Første punktum* om fast, jamn og stabil overflate stiller krav til materiala, konstruksjonen og vedlikehaldet. *Andre punktum* om at golvet ikkje skal vere glatt, gjeld særleg materiala og reingjeringa.

*Tredje, fjerde og femte punktum* gjeld spaltegolv. Det er viktig at spaltegolvet vedlikehaldast og passar for dei individa som går der.

*Sjette og sjuande punktum* gjeld gjødselrister. Dei skal ikkje utsette dyra for bein- og klauvskader.

*Andre ledd* gjeld plassane i opphaldsrommet der dyra skal ligge. Krava gjeld også liggeplassane i kaldfjøs og i enklare opphaldsrom som regulert i § 21. *Første punktum* krev at plassen er stor og tilgjengeleg nok til at alle kan ligge på same tid. Ifølge *andre punktum* skal liggeplassane vere så reine, tørre, strødde, trekkfrie og tempererte at dyra trivst og ikkje blir sjuke av forholda på liggeplassen. Det skal alltid vere nok strø av eigna type på liggeplassen.

*Tredje punktum* heng saman med andre punktum og er ein ny hovudregel om at underlaget på liggeplassen skal vere mjukt og dermed hindre liggesår og at dyra frys. Forskrifta gjer berre eitt unntak, og det er for sau og geit i § 46. Ingen storfe og svin skal altså ligge rett på betongen, og det er heller ikkje nok med berre litt strø. Ordlyden «mjukt for dyra» tilseier at kravet er tilpassa behovet for kvart enkelt dyr. For kyr og kviger før kalving er det likevel klart at kravet til mjukt liggeunderlag vil vere som nå. Purker skal ha liggeunderlag som hindrar bogsår.

**Merknader til § 15 om omsorgsbingar**
Hovudregelen om minst 1 omsorgsbinge i *første ledd første punktum* er vidareført frå krava om sjuke- og fødebingar i haldforskriftene. Kravet i *andre punktum* om å auke talet på omsorgsbingar, er meir fleksibelt enn dei gjeldande krava. Poenget er at det til ei kvar tid skal vere nok omsorgsbingar for dyra. Talet kan variere etter ulike forhold, for eksempel talet på dyr, driftsforma,

UTKAST

konsentrasjon av fødslar og helsetilstanden i dyrehaldet. § 28 gjer unntak frå kravet om omsorgsbinge i båsfjøs fram til 2024. Krava til fødebingar for svin i kapittel VI gjeld i tillegg til § 15.

Med «lett tilgjengeleg» i *tredje punktum* meiner vi at omsorgsbingen skal ha ledig plass og ikkje vere for langt unna dyra. Bingen skal ha nok plass og vere i god nok stand til å dekke behovet til dyra. Møkkete bingar er ikkje eigna til sjuke og fødande dyr.

*Andre ledd første punktum* krev at bingane kan delast opp. *Andre punktum* gjer unntak frå kravet om fri rørsle og sosial kontakt dersom det er til beste for dyret.

*Tredje ledd* presiserer kravet om omsorgsbinge også for dyr i kaldfjøs etter *første punktum* og på uteområde med enkle opphaldsrom etter *andre punktum*.

*Fjerde ledd* gjer unntak for dyr på beite og dyr som går ute heile året etter løyve fra Mattilsynet med heimel i § 48.

Krav om å bruke omsorgsbingane står i § 27.

**Merknader til § 16 om brannførebygging**
*Første ledd første og andre punktum* vidarefører krav frå haldforskriftene. *Tredje punktum* er nytt og krev at viftene stoppar automatisk eller har andre mekanismar som hindrar at viftene blir for varme.

*Andre ledd første punktum* presiserer hovudregelen om branngassar for storfe og svin og gjer den også gjeldande for sau og geit. *Andre punktum* presiserer unntaket for brannseksjonar i svinehaldforskrifta og gjer det gjeldande også for storfe, sau og geit. Vi meiner at «branncelle», som er omtala i byggteknisk forskrift § 11-8, er det rette omgrepet i denne samanhengen.

*Tredje ledd* inneheld nye krav. *Første punktum* viser til standardar som den gjeldande NEK 400 Landbruk. Vedlikehaldet av det elektriske anlegget skal dokumenterast etter § 8. Det same gjelde kontrollen etter *andre punktum*. *Tredje punktum* krev at kontrollen gjerast med apparat som måler varmen i ulike delar av det elektriske anlegget. Vilkåret for krav om termografi er at bygningen skal ha brannalarm etter § 17.

*Fjerde ledd* er nytt og krev brannsikker drift. Dyrehaldaren skal etter § 7 ha rutiner om korleis ein hindrar brann i drifta.

*Femte ledd* vidarefører krav frå haldforskriftene om vedlikehald og reingjering for å førebygge brann.

**Merknader til § 17 om brannalarmanlegg og anna som kan redde dyr frå brann**
*Første ledd første punktum* vidarefører hovudregelen om brannalarm. I *andre punktum* blir kravet kopla til alarmkravet i byggteknisk forskrift med for eksempel krav om årleg sørvis. Ved å innføre eit felles omgrep for dyreeiningar i andre ledd blir alarmkravet utvida til å dekke bygningar med to eller fleire av de fire dyreslaga. *Tredje punktum* presiserer alarmkravet. I tillegg til alarmklokke på veggen skal anlegget melde om brannen til utvalde personar via mobiltelefonen eller på annan måte.

*Fjerde punktum* om månadleg testing av alarmen er nytt. Testane skal dokumenterast etter § 8.

*Andre ledd* gjer unntak frå kravet om brannalarmanlegg etter talet på dyr. *Første punktum* presiserer og innskrenkar unntaka i haldforskriftene ved å innføre «dyreeining» som eit felles omgrep for talet på dyr i fjøset. Dette skjerpar alarmkravet for fjøs med to eller fleire av dei fire dyreartane. *Andre punktum* definerer 1 dyreeining. Vilkåret om at sauene og geitene må vere eldre enn 18 månader, endrar unntaket for desse artane. Vi foreslår ei aldersgrense på 18 månader i staden for det upresise omgrepet «vinterfôra dyr».*Tredje og fjerde punktum* definerer dyreeiningar for tre ulike kategoriar av svin. Smågris og spedgris reknast ikkje med i definisjonen av dyreeining.

*Tredje ledd* vidarefører og presiserer dei andre unntaka frå alarmkravet i haldforskriftene. Unntaket i *bokstav a* gjeld typisk for opne kaldfjøs og enkle opphaldsrom på uteområde. Unntaket opnar òg for at det i slike bygningar kan oppstallast inntil 30 dyreeiningar som ikkje fritt kan gå ut og inn, utan at dette utløyser krav om brannalarm. Eksempelvis kan værar og oksar bli oppstalla inne i ein bygning der dyra elles fritt går ut og inn.

Unntaket i *bokstav b* gjeld når dyr mellombels blir haldne inne i fjøs som elles har unntak etter bokstav a. Unntaket opnar for praktiske opplegg under lamming eller kalving når hyppig tilsyn kompenserer for brannalarm. Dette unntaket har ikkje noko mengdeavgrensing.

*Bokstav c* er ei presisering av tilhøve som gjer alarmanlegg «åpenbart unødvendig» etter haldforskriftene. For det første må det ikkje vere andre byggemateriale i bygningen enn stein, mur, betong eller metall. Unntaket gjeld for eksempel ikkje dersom det er treverk og isolasjonsmateriale som kan brenne i tak, vegger eller golv. For det andre kan bygningen ikkje innehalde brannfarlege gjenstandar som for eksempel traktorar, bensin og papir. Bygningen kan heller ikkje innehalde lager av tørt grovfôr eller strø. Med «brann» meiner vi her også ulmebrann.

*Bokstav d* gjer unntak for fjøs som kan dokumenterast å tilhøyre risikoklasse 1 etter byggteknisk forskrift.

Unntaka i andre og tredje ledd gjeld ikkje for fjøs som er byggemeldt etter 9. april 2010 og tilhøyrer risikoklasse 2. Alle slike nye fjøs skal ha alarmanlegg same kor få dyr det er i fjøset. Dette følger av byggteknisk forskrift § 11-12 andre ledd bokstav a. At alarmkravet i byggteknisk forskrift går føre unntaka i denne forskrifta § 17, er presisert i § 2.

*Fjerde ledd første punktum* vidarefører og presiserer krava om sløkkeutstyr. Med «tilløp til brann» meiner vi brann i startfasen mens det enno er mogleg for andre enn brannvesenet å sløkke han. *Andre punktum* har mellom anna eit nytt krav om å markere utstyret med skilt eller på andre måtar. Utstyret skal vere plassert slik at det er lett å finne, og vere klart til bruk. *Tredje punktum* utfyller det gjeldande kontrollkravet ved å krevje at kontrollen og vedlikehaldet skal vere i samsvar med råd frå produsenten.

*Femte ledd første punktum* er nytt og gjer det klart at dyrehaldaren eller andre som er til stades, har eit ansvar for å varsle om det byrjar å brenne. I *andre punktum* stillast det krav om å sløkke tilløp til brann og evakuere dyr. Kravet gjeld berre dersom personellet ikkje risikerer liv og helse. Og det er ikkje krav om meir enn «enkle tiltak» som å bruke tilgjengeleg sløkkeutstyr og evakuere dyr ved å slippe dei ut på vanleg måte.

**Merknader til § 18 om klima i opphaldsrom**
*Første ledd første punktum* om lune og passeleg tørre opphaldsrom er nytt for storfe og svin. Med «lune» meiner vi at dyra opplever temperaturen som behageleg, og at det ikkje er plagsam trekk i rommet. Dyra skal heller ikkje oppleve rommet som ubehageleg fuktig. *Andre punktum* om isolasjon og ventilasjon vidarefører krav frå direktiva og haldforskriftene. Med ordet «tilstrekkeleg» tar vi høgde for at dyra kan stå i kaldfjøs.

*Tredje punktum* er eit nytt krav om at klimaet skal tilpassast dyra i fjøset. For eksempel skal svin ha det varmare enn sau. Dyr med mykje hår eller ull skal ikkje ha det for varmt og fuktig. Nyfødde dyr, sjuke dyr og andre svake dyr treng meir varme enn meir robuste dyr.

*Andre ledd første punktum* om luftkvaliteten samanfattar og presiserer krav frå direktiva og haldforskriftene. Kravet heng saman med ventilasjonskravet og krava om reinhald i § 25.

*Andre punktum* om vern mot gjødselgass er nytt for svin, sau og geit. For svin kjem det i staden for krav om gasstette fjøsgolv, slik det er for storfe i dag. Om ein ikkje har gasstett golv, er det best å jobbe med blautgjødsla i kjellaren når fjøset er tomt. Det er uansett viktig å lufte godt. Dyrehaldaren skal ha rutinar for dette etter § 7 tredje ledd bokstav h.

*Tredje ledd* vidarefører krav frå haldforskriftene og gjeld fjøs utan tilstrekkeleg luftskifte gjennom opningar i veggar og tak. Med «mekanisk ventilasjon» etter *bokstav a* meinast til vanleg elektriske

vifter. Manuell nødventilasjon etter *bokstav b* kan vere vindauge eller lufteluker som opnast for hand. *Bokstav c* vidarefører alarmkravet frå direktiva og haldforskriftene.

Ifølge *fjerde ledd første punktum* gjeld alarmkravet ikkje for fjøs der den mekaniske ventilasjonen ikkje er nødvendig for å unngå at dyra døyr eller får alvorlege plager av varme og dårleg luft. *Andre punktum* krev at alarmsystemet har ei eiga kraftkjelde, for eksempel batteri eller aggregat. Kravet om månadleg alarmtest etter *tredje punktum* er nytt for svin.

**Merknader til § 19 om lys**
*Første ledd* vidarefører reglar frå direktiva og haldforskriftene om forholdet mellom lys og døgnrytmen til dyra. Lysstyrken i fjøset skal ifølge *første punktum* vere tilstrekkeleg til at dyra opplever ein del av døgnet som dag. Norske og utanlandske faginstansar tilrår ein lysstyrke mellom 100 og 200 lux for storfe som er inne på dagtid. Tine tilrår det same for geit.

*Andre punktum* krev vindauge eller andre lysopningar som gjer at det kjem dagslys rett inn til alle dyra i opphaldsrommet. Alle dyra skal i praksis kunne sjå lysopninga. *Tredje punktum* krev at dyrehaldaren kompenserer med kunstig lys når det naturlege dagslyset er for svakt. Det kunstige lyset skal ha ein styrke og kvalitet som tilsvarer dagslyset.

*Andre ledd* om mørkeperiode er nytt for storfe og svin. Når det er natt og mørkt ute, skal det vere mørkt inne slik at dyra opplever det som natt. *Første punktum* opnar for nattlys og varmelamper. *Andre punktum* opnar for nødvendig og avgrensa bruk av arbeidslys, for eksempel i fødselsperiodar.

*Tredje ledd første punktum* vidarefører krav frå direktiva og forskriftene om å ha kunstig arbeidslys i fjøset. *Andre punktum* krev at ein tar omsyn til dyra når ein plasserer og bruker det kunstige lyset.

**Merknader til § 20 om støy**
*Første punktum* gjeld for det første høge lydar som ikkje er nødvendige i eller i nærleiken av dyrehaldet. For det andre skal dyra vernast mot konstant støy og støy som varer i lange periodar. For det tredje skal dyra vernast mot smell og anna brå støy som skremmer dyra. Dyrehaldaren skal dempe lydnivået på for eksempel ventilasjonsanlegg, skilje dyra og støykjeldene, passe på å gjere støyande arbeid når dyra ikkje er er der, og gjere andre fornuftige tiltak for å unngå at dyra blir utsette for slik støy inne og ute.

*Andre punktum* gjeld også meir forbigåande støy og støy som dyra er vande med. Det er ikkje krav om å unngå all støy, men støyen skal vere så låg at han ikkje plagar dyra.

*Tredje punktum* vidarefører desibelgrensa for varig støy i fjøset.

**Merknader til § 21 om enkle opphaldsrom for dyr på uteområde**
Paragrafen stiller minstekrav til enkle opphaldsrom for utedrift. *Første ledd bokstav a* er ny og krev at opphaldsrommet ligg i nærleiken av fôret, der dyra for det meste oppheld seg. Opphaldsrommet skal vere konstruert og plassert slik at dyra vel å gå inn når forholda krev det. Det er den faktiske bruken som avgjer om plasseringa og utforminga er bra nok. *Bokstav b* er ny og skal hindre at dominante dyr stenger andre dyr ute. *Bokstav c* krev at opphaldsrommet er stort nok til at alle dyra på uteområdet kan ligge inne på same tid. *Bokstav d* krev tiltak for å halde opphaldsrommet tørt.

*Andre ledd* gjer unntak frå krav som ikkje passar for slike enkle og opne rom.

**Merknader til § 22 om uteområde for dyr**
Paragrafen samlar og presiserer krava til ulike uteområde for dyra. *Første ledd første punktum* gjeld korleis dyra kan bevege seg på og bruke området på naturleg vis. Dyra skal kunne utføre kroppspleie, ha sosialt samspel og utøve anna naturleg åtferd på uteområdet. Storleiken og terrenget er typiske faktorar som avgjer om området er eigna.

*Andre punktum* går nærmare inn på forholdet mellom området og dyra. Dyrehaldaren må vurdere kva dyra tôler og gjere det som er nødvendig for at området skal passe. *Tredje punktum* vidarefører kravet frå produksjondyrdirektivet og –forskrifta om vern mot farar. Om og kva vern

UTKAST

som er nødvendig og mogleg, må vurderast etter graden av fare, fordelane med at dyra går på uteområdet utan vernetiltak, og om tiltaka lar seg gjennomføre i praksis utan urimelege kostnader.

*Fjerde punktum* er nytt og krev at dyrehaldaren held det ryddig på innmarka der det er dyr.

*Andre ledd første punktum* krev at dyra skal ha sølefrie stader å stå og ligge på. Ifølge *andre punktum* skal dyrehaldaren drenere området dersom det er nødvendig for å unngå at dyra må vere i søle. *Tredje og fjerde punktum* skjerpar kravet på stader der dyra oppheld seg mykje. *Femte punktum* er eit presisert krav om overbygg for å unngå søle der dyra står på fôringsplassane.

**Merknader til kapittel IV om generelle reglar om tilsyn og stell**
Kapitlet inneheld hovudreglane om korleis dyrehaldaren skal passe på og stelle dyra for å sikre god velferd. Tilleggsreglar og unntak er fastsett i § 32, § 33, § 41, § 42, § 43, § 44, § 45, § 48, § 49, § 50, § 51 og § 52.

**Merknader til § 23 om tilsyn med dyr og levemiljø**
*Første ledd første punktum* presiserer krav om at dyrehaldaren har tilsyn med dyra og levemiljøet. Kravet om tilsyn så ofte som nødvendig, kan medføre at dyrehaldaren må ha tilsyn med dyra oftare enn minstekrava i andre, tredje og fjerde ledd. Dette blir presisert for dyr med særlege behov i femte ledd, sjå nedanfor.

Dyrehaldaren må vurdere kor grundig det er nødvendig å kontrollere kvart dyr. Tilsynet skal gjere dyrehaldaren i stand til å oppdage teikn på dårleg velferd. Det krev at dyrehaldaren ser og gjerne tar på kvart dyr så langt det er mogleg. Det er naturleg å knytte dette til stellet etter § 25. Faktorar som tid, arbeidskapasitet, driftsform og andre praktiske forhold spelar inn i vurderinga av kor ofte og grundig tilsynet må og kan vere.

Mangelfullt tilsyn kan skuldast at dyrehaldaren har for mange dyr etter § 4 tredje ledd eller for få personar som deltar i drifta etter § 6 første ledd. Det kan også skuldast at rutinane for tilsynet med dyra etter § 7 ikkje er gode nok.

*Andre punktum* er eit nytt krav om at tilsynet skal vere direkte. Kamera og anna overvaking av dyra er bra. Men personellet må også kunne sjå, høyre og gjerne ta på dyra der dei er. Kor nøye ein skal undersøke kvart dyr, må vurderast i samsvar med første punktum. Det er krav om nærmare tilsyn inne enn ute. I utmarka kan det som hovudregel vere nok å observere dyra på avstand. Kikkert og drone kan lette tilsynet, men det er ikkje nok berre å overvake flokken med GPS. Personellet må ut i marka for å vurdere området etter § 22 og må kunne oppsøke dyra raskt for å verne dei mot farar etter § 22, sikre dei vatn og fôr etter § 24 og få behandla sjuke og skadde dyr etter § 27.

*Andre ledd* er minstekravet om tilsynsfrekvensen i fjøset og på uteområde med opphaldsrom utanom beitesesongen. Kravet om 2 tilsyn i døgnet er nytt for svin. Det er også nytt for dei andre dyreartane at kravet om 2 tilsyn også kan gjelde dyr som går ute.

*Tredje ledd krev* 1 tilsyn i døgnet med dyr på innmarksbeite. Dette er nytt for sau og geit.

*Fjerde ledd* gjeld tilsynet med dyr på utmarksbeite eller sauer og geiter i utmarka utan opphaldsrom etter § 48. Hovudregelen i *første og andre punktum* er 1 tilsyn i veka. *Tredje punktum* er nytt og aukar kravet til 2 tilsyn i veka dersom dyra ikkje finn nok beiteplanter eller vatn i naturen. *Fjerde punktum* aukar tilsynskravet i utmarka ytterlegare dersom det er stor fare for rovdyrangrep, forgifting eller anna som påfører dyra alvorlige påkjenningar. Dyrehaldaren skal da føre tilsyn så ofte at det blir mogleg å vurdere og unngå eller redusere faren.

*Femte ledd* krev hyppigare tilsyn med sjuke dyr og andre dyr med særlege behov.

*Sjette ledd* presiserer kravet om å hente inn dyr frå utmarksbeite før vinteren.

**Merknader til § 24 om fôr og vatn**
Paragrafen skal sikre dyra nok og godt nok fôr og vatn. I velferdsplanen etter § 7 skal det stå kva tid og korleis dyra blir fôra og får vatn. § 13 inneheld krav om korleis dyrehaldaren skal legge til rette for at dyra får nok og godt nok fôr og vatn.

*Første ledd* tilsvarer direktivkrava om at dyra skal ha fôr. Gras og andre planter som dyra kan ete på beite, er likestilt med fôr frå dyrehaldaren. *Første punktum* gjeld gjeld kor mykje og kor ofte dyra skal kunne ete. Regelen er at dei skal ha nok tilgang på fôr til å kunne dekke behovet etter andre punktum. Dyrehaldaren kan sikre den tilstrekkelege tilgangen ved å gi dyra fôr jamleg, for eksempel 1 gong om dagen, eller ordne det slik at dyra kan ete kva tid dei vil.

*Andre punktum* krev at dyra får nok næring. Dyra skal ha fôr ofte nok, få nok fôr og få fôr som inneheld nok næring. Kva som skal til for å dekke næringsbehovet til eit dyr, varierer etter dyrearten, rasen, kjønnet, alderen og tilstanden elles. Dyr som veks, skal ha nok fôr til å vekse normalt. Alle dyr skal ha nok fôr til kunne halde seg i godt hald og ha god helse. Det er ikkje nok at dyra berre får næring, veks og held seg friske. Fôringa skal også medverke til at trivselen er god ved at dyra får oppleve å ete tilnærma naturleg.

Med «god kvalitet» i *tredje punktum* meiner vi at fôret er «ferskt» og reint nok og har ein smak og konsistens som gjer at dyra èt det. Dyrehaldaren skal også sikre at fôret ikkje er giftig eller inneheld noko anna skadeleg.

*Andre ledd* om råmjølk til nyfødde dyr tilsvarer krav frå kalvedirektivet og vidarefører og presiserer krav frå storfehaldforskrifta og småfehaldforskrifta. Kravet er nytt for svin. Dyra skal få råmjølk enten direkte frå mora eller indirekte på annan måte. Dei nyfødde skal få så mykje og så tidleg råmjølk at dei blir robuste mot infeksjonar og veks normalt. Det er tilleggskrav om råmjølk til kalv i § 32.

*Tredje ledd første punktum* er nytt. Dyrehaldaren skal utan problem og til ei kvar tid kunne skaffe nok fôr enten frå sitt eige lager eller frå ein leverandør eller eit felles fôrlager. *Andre punktum* er eit krav om å sikre den hygieniske kvaliteten på fôret av omsyn til dyrevelferda. Fôrkvaliteten er også regulert av omsyn til folkehelsa i næringsmiddelhygieneforskrifta og  dyrehelsa i dyrehelseregelverket.

*Tredje punktum* er eit krav om å hindre at dyra èt kraftfôr utan at dyrehaldaren vil det. Kravet er nytt for storfe og svin. For mykje kraftfôr kan vere dødeleg for storfe, sau og geit.

*Fjerde ledd første og andre punktum* tilsvarer direktivkrav og presiserer forskriftskrav om at dyra skal ha kontinuerlig tilgang på friskt vatn. Alle dyr skal kunne drikke så mykje vatn dei treng kor og kva tid som helst. Også automatiske løysingar skal sikre at dyra alltid har rikelege mengder vatn.

Vatnet treng ikkje vere reint i samsvar med drikkevassforskrifta, men det skal sjå reint ut. Det skal ikkje vere synleg skit eller anna ureinske i vatnet. Kvaliteten på vatnet målast elles etter innhaldet av mikrobar,mineralar og andre kjemiske substansar. Vatnet skal ikkje vere giftig eller innehalde noko anna skadeleg.

*Tredje punktum* inneheld nye krav om vasskvaliteten og anna som gjer at dyra får i seg nok vatn. Om dyra ikkje drikk, må dyrehaldaren undersøke vatnet. *Fjerde punktum* er ei ny presisering av at snø og saltvatn ikkje kan reknast som vatn til dyr. Dette er i tråd med gjeldande forvaltningspraksis.

*Femte ledd* om tilleggsfôr og –vatn er ny som hovudregel. Kravet er mest aktuelt for sau og geit som går ute utanom beiteseongen etter § 48. Men kravet gjeld også i beitesesongen dersom dyra ikkje finn nok mat og vatn på beiteområdet.

*Sjette ledd* opnar for tvangsfôring, men berre dersom dette er nødvendig for å redde livet eller helsa til dyret. Det same gjeld vatn. Forbod mot tvangsfôring presiserer kravet om skadeleg fôring i produksjonsdyrforskrifta.

**Merknader til § 25 om stell, reinhald og rydding**
*Første ledd* gjeld dyra. Det regelmessige stellet i *første punktum* heng naturleg saman med det daglege tilsynet etter § 23. Kvart dyr skal ha det stellet det treng. Dyrehaldaren skal gjere det som er praktisk mogleg for å halde dyra reine. Reinhaldet av dyra heng tett saman med reinhaldet i opphaldsrommet og på liggeplassane. Det blir aldri heilt reint i eit fjøs, og dyra blir aldri heilt reine. Så kravet om «reine» dyr er meir eit krav om så lite møkk som mogleg og aldri så mykje møkk at det plagar dyra.

Om det er nødvendig, krev *tredje punktum* at dyra klippast for å trivast i klimaet i fjøset eller uteområdet. Kravet om klipping er strengare for sau og geit etter § 50.

*Andre ledd* gjeld fjøset. *Første punktum* krev at dyrehaldaren held opphaldsrommet så reint og ryddig at dyra til ei kvar tid kan haldast reine og trivast der. *Andre punktum* er eit nytt krav om å reingjere særleg det dyra er borti. Om det er nødvendig for å hindre smitte, skal materiala reingjerast med desinfeksjonsmiddel.

*Tredje ledd* gjeld gjødsel. Etter *første punktum* skal det ikkje gå ein dag utan at gjødsla fjernast frå opphaldsrommet. Gjødsla reknast som fjerna også når ho for eksempel ligg under eit spaltegolv eller ei gjødselrist. Etter a*ndre punktum* kan gjødsla bli liggande i opphaldsrommet dersom ho blir til heildekkande talle eller skaper eit godt underlag saman med djupstrøet. *Tredje punktum* gjeld metodane for å fjerne og lagre gjødsel hygienisk.

*Fjerde ledd* er eit nytt krav om insekt og skadedyr. Kravet samsvarer med kravet til primærproduksjon i næringsmiddelhygieneforskrifta.

*Femte ledd første punktum* krev at dyrehaldaren følger med korleis klauvene på kvart dyr veks slik at dei ikkje blir for lange eller veks feil. Underlaget som dyra går og står på, verkar inn på kor ofte klauvene skal undersøkast. For storfe vil det oftast vere nødvendig å ha dyret i klauvboks for å kunne undersøke klauvene forsvarleg. Sau skal som minimum undersøkast i samband med klippinga. For svin er dårleg klauvhelse ofte årsak til at dyr blir utsjalta. Det er derfor viktig med klauvkontroll også av purker og rånar. Kravet heng saman med kravet i § 27 om førebyggande helsearbeid.

*Andre punktum* krev at dyrehaldaren handlar raskt når det er nødvendig å skjere klauvene. For storfe inneber kravet om kyndig skjering at dyrehaldarar som ikkje sjølve er kyndige, får tak i ein klauvskjerar. Dyrehaldaren må kontakte klauvskjeraren og avtale eit rimeleg tidspunkt for skjeringa.

*Sjette ledd* er eit nytt krav som i dei fleste høva inneber at lakterande hodyr skal mjølkast eller diast dagleg. Mordyra skal om mogleg mjølkast dersom avkomet ikkje klarer å die nok. Kravet er ikkje til hinder for å avvenne avkomet eller å avslutte laktasjonsperioden for mjølkedyr. I slike tilfelle er mjølkesprengen ikkje «unødvendig».

**Merknader til § 26 om handtering, oppbinding og fiksering**
*Første ledd første punktum* krev at dei som steller dyra, kan og vil handtere dei utan å vere hardhendte og brutale. Det skal ikkje brukast unødvendig tvang. *Andre punktum* inneber at kvart dyr skal handterast på ein måte som passar for dyret. Små kalvar skal for eksempel handterast meir forsiktig enn vaksne dyr. Likeeins skal sjuke, skadde og engstelege dyr handterast på passande vis.

*Tredje punktum* er nytt og heng saman med § 12 andre ledd bokstav f. Kravet heng også saman med krava om kva for dyr som kan transporterast saman etter forskrift om næringsmessig transport.

*Andre ledd første punktum* krev innretningar som gjer at dyrehaldaren utan vanskar kan fiksere dyr skånsamt og forsvarleg slik at dyret eller delar av dyret blir urørleg. *Andre punktum* er den generelle heimelen til å gjere dyr urørlege eller berre binde dei når det trengst av omsyn til drifta eller dyrevelferda. Det kan for eksempel vere nødvendig å fiksere eller binde søyer som ikkje vil amme lamma. Det kan også vere nødvendig å fiksere eller binde dyr for å få gjennomført for

eksempel veterinærbehandling, inseminering og klauvskjering på forsvarleg vis. Dette vidarefører mellom anna retten til å fiksere brunstige svin. Retten til å fiksere purker i samband med fødsel er regulert i § 43. Retten til å binde vêrar og bukkar er regulert i § 52.

Retten til å fiksere og binde gjer unntak frå kravet om fri rørsle i § 11. Dyr kan aldri fikserast permanent eller i lengre tid enn det som er strengt nødvendig.

Innretningar og utstyr til å fiksere og binde skal oppfylle krava i § 13.

**Merknader til § 27 om  førebygging, behandling, avliving, inngrep og skjerming**
*Første ledd* om førebygging er ny for storfe. At kravet også gjeld førebygging av dårleg vekst, er nytt for alle dyreartane. Om førebygginga er mogleg, må vurderast etter kva som let seg gjere i praksis utan urimelege kostnader. Kravet heng saman med dei andre krava om forhold som verkar inn på helsa og fysiologien til dyra. Dyrehaldaren skal ha rutiner for førebygging etter § 7 tredje ledd bokstav c.

*Andre ledd første punktum* vidarefører direktivkravet om at sjuke og skadde dyr blir behandla på forsvarleg vis så snart som nødvendig for å kurere eller lindre. Kven som skal behandle dyret, er regulert i tredje ledd. Dyrehaldaren skal ha rutiner for behandling etter § 7 tredje ledd bokstav d.

*Andre punktum* gir plikt til å avlive sjuke og skadde dyr. Plikta gjeld også avmagra dyr og dyr som av andre grunnar ikkje bør haldast i live. Plikta kan gjelde sjølv om dyret kan behandlast og bli betre. Dyrehaldaren må vurdere om tilstanden trass i behandlinga kan påføre dyret unødige smerter og andre påkjenningar. Dersom dyrehaldaren involverer ein veterinær, bør dyrehaldaren overlate til veterinæren å avgjøre om det er forsvarleg å behandle dyret i staden for å avlive det. Dyrehaldaren skal ha rutiner for avliving etter § 7 tredje ledd bokstav e.

*Tredje punktum* tar utgangspunkt i at dyr føder utan hjelp frå menneske. Men dyra skal ha hjelp dersom fødselen ikkje går som normalt. Dyrehaldaren kan hjelpe dyret sjølv eller tilkalle andre som kan hjelpe. Kravet om fødselshjelp heng saman med kravet i § 23 om oftare og grundigare tilsyn med høgdrektige og fødande dyr.

*Fjerde punktum* presiserer at behandlingsplikta også gjeld tiltak mot lus, midd, innvollsormar og andre parasittar som lever på eller i dyret. Plikta gjeld uansett om dyra er i fjøset eller på uteområde, og gjeld når parasittane påverkar dyrevelferda.

*Tredje ledd første punktum* gjeld plikta til å rådføre seg med ein veterinær. All behandling med legemiddel krev at ein veterinær er involvert i samsvar med dyrehelsepersonelloven § 18. Det same gjeld operative inngrep.

*Andre punktum* er nytt. Dyrehaldaren har ansvaret for ein god kommunikasjon med veterinæren. Dette er særleg viktig i dyrehald med framandspråklege arbeidarar.

*Fjerde ledd første punktum* er hovudregelen om forbod mot inngrep på storfe, svin, sau og geit. Reglane om inngrep er med å presisere dyrevelferdsloven § 9 andre ledd. Med «å gjere inngrep» meiner vi å amputere, skjære, stikke eller endre vevet i kroppen til levande dyr på andre måtar. Inngrepa er meir eller mindre smertevaldande, frå smertefull kastrering til umerkelege nålestikk.

Forbodet gjeld ikkje når veterinæren meiner at det er nødvendig å gjere inngrep på dyret for å undersøke eller behandle dyret for ein sjukdom eller skade. Vilkåret «nødvendig» betyr at inngrepet må gjerast for å undersøke og behandle dyret forsvarleg.

Forbodet mot inngrep gjeld heller ikkje når inngrepet ifølge veterinæren er nødvendig for å avverje at dyret sjølv eller andre dyr blir skada. Med «avverje» meinast å forhindre ein akutt fare. Vilkåret «nødvendig» betyr her at inngrepet må gjerast fordi det er forsvarleg etter ei vurdering av den akutte faren, alternativa til inngrepet og påkjenninga for dyret. Unntaket for å avverje skade opnar ikkje for å gjere forebyggande rutineinngrep, for eksempel for å kompensere for dårleg stell og levemiljø. Friske halar på svin og lam kan ikkje amputerast, sjølv om det er fare for halesår, parasittar eller andre helseproblem. Slike problem kan og skal løysast på andre måtar.

*Andre punktum* viser til eigne inngrepsparagrafar i spesialkapitla. Der er det lista opp kva for andre inngrep som er tillatne. Desse inngrepa er tillatne sjølv om dei ikkje er nødvendige for å utgreie, avverje eller behandle sjukdom eller skade.

*Tredje punktum* presiserer påbodet om å bedøve og smertebehandle dyra etter dyrevelferdsloven § 9, men opnar for unntak.

*Fjerde punktum* opnar for å sette inn påbodne øyremerke. Vilkåra er at merkinga gjerast forsvarleg av omsyn til dyrevelferda, og at personen er kompetent til å merke forsvarleg. Det er forbode å gjere andre inngrep for å merke dyr enn det som er påbode i merkeforskriftene.

*Femte ledd første punktum* vidarefører og generaliserer krav om å verne sårbare dyr frå andre dyr. Dyrehaldaren skal ha rutiner om dette i samsvar med § 7 tredje ledd bokstav d.

Dei sjuke, skadde, fødande eller svake dyra skal som hovudregel settast i omsorgsbingane etter § 15. Men det gjeld berre dersom det er best for dyret å vere i omsorgsbingen. I mange tilfelle kan det for eksempel vere betre å føde ute enn inne i ein omsorgsbinge. Med «svake dyr» meinast mellom anna dyr som blir plaga av andre dyr.

*Andre punktum* gjer unntak for dyr som går på beite eller på uteområde i samsvar med § 48.

Ifølge *tredje punktum* skal dyra skjermast uansett om dei er i omsorgsbingar eller ikkje.

*Fjerde punktum* krev at aggressive dyr haldast unna andre dyr, men ikkje meir enn nødvendig. Også aggressive dyr har sosiale behov.

*Sjette ledd* tar høgde for at dyr skal eller bør oppstallast isolert med omsyn på smitte.

**Merknader til kapittel V med spesielle reglar for storfe**
Kapitlet inneheld tilleggskrav og unntak for storfe. Mange av krava om kalv kjem frå kalvedirektivet.

**Merknader til § 28 om opphaldsrom for storfe**
*Første ledd første punktum* vidarefører det gjeldande unntaket for gamle båsfjøs frå kravet om lausdrift. I forskriftsutkastet er dette regulert som eit unntak frå kravet i § 11 om fri rørsle og kravet i § 25 om at dyra skal kunne stelle seg sjølve. At bruken skal vere samanhengande utelukkar ikkje at fjøset står tomt mellombels som for eksempel i beiteperioden eller i samband med vedlikehald. *Andre punktum* presiserer at båsdrifta ikkje kan utvidast med nye båsar i det gamle fjøset og heller ikkje i eventuelle nye påbygg til fjøset.

*Andre ledd bokstav a* gjer unntak fra krava om fri rørsle og stell av seg sjølv for båsfjøs med bevaringsverdige storferasar. Dette vidareførast som eit direkte unntak i staden for den gjeldande dispensasjonsordninga. Ifølge Norsk genressurssenter er dette dei «bevaringsverdige» rasane: sida trønderfe og nordlandsfe, vestlandsk raudkolle, vestlandsk fjordfe, dølafe, telemarksfe og austlandsk raudkolle.

*Andre ledd bokstav b* gjer unntak for båsfjøs på stølar, eller setrer med eit anna ord. Dette er stader med bygningar der dyra blir haldne borte frå heimegarden i beitesesongen og går ute mestedelen av døgnet.

*Tredje ledd* presiserer eit unntak fra unntaka i første og andre ledd. Kravet om fri rørsle gjeld altså for kalvar sjølv om dei står i gamle båsfjøs eller i dyrehald med bevaringsverdige rasar. Kalvane kan likevel bindast etter § 26.

*Fjerde ledd* stiller krav til båsane. I båsar blir dyra bundne, og dei kan ikkje snu seg rundt. *Første punktum* krev likevel at båsane er store nok og forma slik at dyra kan variere mellom ståande og

liggande stilling på naturleg vis. Ifølgje *andre punktum* skal kantane på fôrbrett og krybber ikkje vere så høge at dyra får vanskar med å ete. Ifølgje *tredje punktum* skal dyra utan vanskar kunne stikke hovudet inn på fôrbrettet eller i krybba. Opninga skal vere brei og høg nok. *Fjerde punktum* stiller eit særleg krav til opninga i såkalla kortbåsar. Dette er båsar som alltid er opne i fronten. Alternativet er langbåsar der fôrbrettet kan stengast for dyra.

*Femte ledd* om båsskiljer gjeld berre for mjølkekyr, ikkje for ammekyr, kviger og oksar.

*Sjette ledd første punktum* gjer unntak frå omsorgsbingekravet for storfe på bås. Unntaket gjeld til 1. januar 2024. Etter denne datoen vidareførast ifølgje *andre punktum* kravet om 1 omsorgsbinge per 25 storfe. Vi har presisert at dette berre gjeld storfe som står på bås. Dyr som går lause i båsfjøs, skal uansett ha omsorgsbinge etter § 15.

*Sjuande ledd første punktum* er eit tilleggskrav til liggeplassen for kyr og *ifølgje andre punktum* høgdrektige kviger. Underlaget som dei ligg på, skal vere tett i tillegg til å vere mjukt og hindre sår og varmetap etter § 14. Dyra skal altså ligge på tette matter eller ei seng av halm, torv, sagflis eller anna eigna strø på tett golv. Dyra kan ikkje liggje på spaltegolv utan matter sjølv om det er rikelig med strø på golvet. At underlaget er tett, skjerpar kravet om å halde det reint etter § 25.

**Merknader til § 29 om særskilte krav til opphaldsrom for kalvar**

Paragrafen vidarefører krav frå kalvedirektivet. *Første ledd første punktum* presiserer at kalvane kan stå aleine i bingar, men som hovudregel berre i 6 veker frå fødselen. *Andre punktum* opnar for at også eldre kalvar kan stå aleine. Det kan berre skje i dyrehald utan andre kalvar i same aldersgruppe eller dersom ein veterinær har konkludert skriftleg med at kalven må skjermast på denne måten. Kravet i *tredje punktum* om å kunne kome i berøring med andre kalvar gjer at første ledd ikkje kjem i strid med kravet om sosial kontakt i § 11. Det er ikkje nok at kalvane kan kome i kontakt med kvarandre gjennom fôringsopninga. *Fjerde punktum* gjer unntak for kalvar som står aleine i omsorgsbingar.

*Andre ledd* krev at enkeltbingane veks med kalven. Den vitskapelege nemninga «tuber ischii» i direktivet er presisert som «seteknoken bakerst på bekkenet». Mankehøgda på kalven skal målast når kalven står. Lengda skal målast i ei rett line når kalven har halsen heilt utstrekt.

*Tredje ledd* krev at også det frie arealet i fellesbingane veks med kalvane. Kva som er det frie arealet, er definert i § 3 bokstav c.

*Fjerde ledd* kjem i tillegg til liggeplasskrava § 14 andre ledd og gjeld i både enkeltbingar og fellesbingar. Etter *første punktum* kan dyrehaldaren velje mellom strø og talle. Det er «rikeleg med strø» så lenge golvet ikkje lett blir synleg når kalvane rører på seg. Men det er ikkje krav om at golvet skal vere tett. Kalvane kan ligge på spaltegolv så lenge det er eit tjukt nok lag strø eller talle på golvet. Etter *andre punktum* skal dyrehaldaren kunne varme opp liggeplassen. Det kan vere nødvendig å varme opp liggeplassen for å oppfylle kravet i § 14 om god temperatur for kalvane.

*Femte ledd første punktum* krev kalvegøyme for kalvar som går saman med eldre storfe innandørs. Kalvegøymer er stader der kalvane er skjerma frå eldre dyr. Kalvane skal lett kunne oppsøke kalvegøyma. Kravet om kalvegøyme gjeld ikkje når det berre er kua og kalven som går saman. *Andre punktum* tilsvarer kravet i § 14 om storleiken på liggeplassen, men gjeld altså berre for kalvane i kalvegøymet.

**Merknader til § 30 om kutrenar**

Paragrafen vidarefører og gjer unntak frå forbodet i § 13 mot å påføre dyr straum. Etter *første ledd første punktum* er det berre mjølkekyr som kan dresserast med straum, og det berre i periodar da kyrne gir mjølk. Med «mjølkekyr» meinast kyr som produserer mjølk til produksjon av næringsmiddel, og som ikkje ammar kalven. Ammekyr og sinkyr kan altså ikkje dresserast med kutrenar. Kyr som gjer frå seg bak båsen utan elektrisk dressur, skal heller ikkje bli utsette for kutrenar. Bruken av kutrenar skal stoppe så snart kua har lært å rygge for å gjere frå seg.

*Andre punktum* gjer unntak for kyr i visse tilstandar. *Bokstav a* og *bokstav b* gjeld særleg sårbare dyr og dyr som lett kjem borti kutrenaren utan at dei må gjere frå seg. *Bokstav c* krev at bruken av kutrenar stoppar så snart det er klart at kua ikkje lærer å gjere frå seg bak båsen.

*Andre ledd bokstav a til e* stiller krav om korleis kutrenaren skal vere montert og justert.

*Tredje ledd første punktum* set grenser for kor sterk straum kutrenaren kan påføre kyrne. Ein forholdsregel mot utilsikta straumstøt etter *andre punktum* kan vere å heve bommen når kyrne mjølkast eller handterast på anna vis. Tiltak mot fukt og smuss kan hindre krypstraum.

*Fjerde ledd første punktum* krev eit sertfikat fra Norsk Elektrisk Materiellkontroll. *Andre punktum* krev ein brytar for å slå straumen i kutrenaren av og på. Brytaren skal ha eit lys eller noko anna som klart markerer at straumen er på. *Tredje punktum* krev ein mekanisme som tel støyt for kvar ku og kuttar straumen når grensa er nådd. *Fjerde punktum* krev at apparatet varslar når straumen er kutta etter tredje punktum.

*Femte ledd første punktum* krev at ei bruksrettleiing er skrive og heng slik at også alle som arbeider med dyra, lett kan lese ho. *Andre punktum* krev dagleg kontroll av bommen etter andre ledd. Etter *tredje punktum* skal kontrollen kvart tredje år utførast av ein elektrikar som har tilstrekkelege kvalifikasjonar til å kontrollere lågvoltsapparat.

**Merknader til § 31 om mosjon og beite for storfe**
Paragrafen vidarefører og presiserer krava om mosjon på beite eller andre uteområde i sommarhalvåret. Krava kjem i tillegg til hovudregelen om fri rørsle i § 11. Krava heng særleg saman med krava til uteområde i § 22.

*Første ledd første punktum* er hovudregelen om mosjons- og beitetid for storfe. Hovudregelen gjeld storfe i både lausdrift og båsfjøs. Det er ikkje unntak for kalvar same kva tid på året dei er fødde. Dyra må vere ute, men hovudregelen opnar for løysingar der dyra går fritt ut og inn av fjøset eller andre opphaldsrom. Den tida dei da er inne «frivillig», reknast med i mosjons- og beitetida.

56 døgn tilsvarer det gjeldande kravet om 8 veker. Med «døgn» meinast klokkedøgn. Delar av døgn reknast som hovudregel ikkje med i beitetida. Beitetida må ikkje vere samanhengande, men må vere innafor den normale beiteperioden i området. Den «normale beiteperioden» er definert i § 3 bokstav d.

*Andre punktum* betyr at delar av døgnet da mjølkekyr er inne for å mjølkast, kan reknast med i beitetida. Kyrne kan altså haldast inne til neste mjølking utan å få frådrag i beitetida. Så må dyra gå ute til neste mjølking igjen.

*Tredje punktum* stiller krav til uteområdet utover det § 22 krev. Terrenget i området og underlaget og forma på området må vere slik at dyra faktisk får mosjon. Med «mosjon» meinast at dyra rører seg så mykje at dei får god forbrenning og styrker musklar og kondisjon. Det må også vekse beiteplanter i området, slik at dyra får utøve naturleg beiteåtferd. Som det framgår av § 24, er det ikkje eit absolutt krav at beitet utgjer heile næringsgrunnlaget for dyra. Så lenge dei faktisk får beite næringsrike beiteplanter, kan dyrehaldaren kompensere med tilleggsfôr.

*Andre ledd* doblar kravet om beitetid for storfe på bås, men ikkje før 1. januar 2024. Ifølge *første punktum* skal dyr på bås altså beite i minst 112 døgn dei ti siste åra med båsfjøs fram til 2034. Dei andre vilkåra og krava i første ledd vil gjelde også for desse dyra.

*Andre punktum* opnar for å redusere beitetida for båsdyra dersom uteområdet ikkje er eigna. Beitetida kan ikkje reduserast med meir enn 28 døgn. Dersom uteområdet er så ueigna at dyra ikkje kan beite der i minst 84 døgn, må dyrehaldaren finne andre uteområde som er eigna til å gi dyra nok mosjon utandørs i løpet av året.

*Tredje ledd* gjer unntak frå kravet i første ledd om at dyra skal kunne beite. Ifølge *første punktum* gjeld unntaket berre dyr frå lausdriftsfjøsa som vart bygde eller innreidde som slike fjøs før 2014. Og unntaket gjeld berre dersom dyrehaldaren ikkje har eller med ein rimeleg innsats kan skaffe

seg uteområde der det veks beiteplanter. Området skal vere tilgjengeleg, og det er dermed ikkje krav om å sende dyra urimeleg langt av garde.

I staden for eit beiteområde krev *andre punktum* eit anna uteområde som oppfyller dei grunnleggande krava i § 22. Uteområdet kan vere berre ein luftegard dersom krava i *tredje punktum* er oppfylt. Så lenge området er stort nok, og dyra faktisk brukar det til å mosjonere og utøve naturleg åtferd, treng det ikkje vere fôr og vatn på området. Men fôr og vatn kan gjere uteområdet meir attraktivt for dyra.

Ifølge *fjerde ledd* treng ikkje dyrehaldarane sleppe ut oksar som ikkje er kastrerte. § 33 bokstav b opnar for å kastrere oksar. Slike kastratar skal på beite.

Fjerde ledd gjer ikkje unntak frå andre ledd. Ukastrerte oksar på bås skal altså likevel ut på beite i 112 døgn frå 2024. Hanndyrloven § 3 regulerer oksehald på beite.

**Merknader til § 32 om fôring av kalv**
Paragrafen oppfyller krava i kalvedirektivet og vidarefører krava i haldforskrifta. «Kalv» er definert i § 3 bokstav h. *Første ledd* gjeld kor ofte kalvane skal fôrast. *Første punktum* er hovudregelen og har velferd og utvikling som mål på om kalvane får fôr ofte nok. Etter *andre punktum* skal alle nyfødde kalvar ha råmjølk innan 6 timar. Dyrehaldaren må altså sikre at ammekukalvar ikkje berre syg, men faktisk får i seg råmjølka frå kua, og at mjølkekukalvar får suge råmjølk i samsvar med tredje ledd. Kalvane kan sondefôrast berre dersom dette er nødvendig etter § 24 sjette ledd. Det treng ikkje å vere nødvendig å tvangsfôre ein kalv før det har gått 6 timar. Det er naturleg at svake kalvar ventar med å drikke etter for eksempel ein hard fødsel. Kalvane kan ikkje avvennast frå mjølk før 6 veker etter fødselen, og dei skal ha mjølk minst 3 gonger i døgnet i denne tida. Frå 6 vekers alder skal kalvane i følge *tredje punktum* ha fôr minst 2 gonger i døgnet ut kalvetida.

Ifølge *andre ledd første punktum* skal kalvane ha høy eller anna grovfôr innan dei er ei veke gamle. Frå da av skal kalvane altså ha både mjølk og så mykje grovfôr at kvar kalv utviklar drøvtyggarfunksjonen. *Andre punktum* krev at kvar kalv ikkje får mindre enn 50 gram tørt fôr i starten. Så skal mengda aukast etter som kalven veks. På slutten av kalvetida skal kalven ha minst 250 gram. *Tredje punktum* krev at kalvane aldri har ein blodprosent under den fastsette grensa. Dette er eit særleg fenomen i gjøkalvproduksjonen, som ikkje er vanleg i Noreg.

*Tredje ledd første punktum* skal sikre at også kalvar som ikkje diar, skal få suge i seg mjølka på eit tilnærma naturleg vis. Dette kan for eksempel gjerast ved å henge opp ei kalvebøtte med smokk. Etter *andre punktum* er det ikkje lov å bruke utstyr for å hindre kalvane i å suge på kvarandre eller andre ting. *Tredje punktum* er eit unntak frå § 11 om fri rørsle og § 28 tredje ledd.

**Merknader til § 33 om inngrep på storfe**
Paragrafen kjem i tillegg til hovudregelen i § 27 fjerde ledd og er med å presisere dyrevelferdsloven § 9 andre ledd. Det er berre veterinærar som kan utføre inngrepa i § 34. Det følger også av dyrehelsepersonelloven § 18. Det er ikkje lov å gjere andre inngrep på storfe enn det § 27 og § 34 opnar for. Dyrevelferdsloven § 9 siste ledd gir heimel til å opne for dei inngrepa her som i utgangspunktet ikkje er lovlege etter § 9 andre ledd. Både dyrehaldaren og veterinæren er i utgangspunktet ansvarlege for at inngrepa er lovlege.

Veterinæren skal bedøve dyra så mykje som nødvendig og gje dei nødvendig smertestillande. Det følger av § 27 fjerde ledd og dyrevelferdsloven § 9 tredje ledd.

*Bokstav a* opnar for å fjerne hornanlegg og ekstraspenar på små kalvar utan nærmare grunn. Inngrepa kan ikkje gjerast på kalvar som er eldre enn 8 veker. Sidan fristen er auka frå 6 til 8 veker, vil Mattilsynet vere svært restriktive med å dispensere frå aldersvilkåret.

*Bokstav b* opnar for å kastrere oksar utan nærmare grunn. Mattilsynet er positive til at oksar kastrerast slik at dei kjem ut på beite.

*Bokstav c* opnar for å sette ring i nasen på oksar. Dyrehaldaren må vurdere om det er nødvendig etter åtferda til oksen og forholda elles. Ring i nasen er mest aktuelt for avlsoksar på beite.

**Merknader til kapittel VI med spesielle reglar for svin**
Kapitlet inneheld tilleggskrav og unntak for svin. Mange av krava kjem frå svinedirektivet.

**Merknader til § 34 om opphaldsrom for svin**
*Første ledd første punktum* krev at det er tydeleg avstand mellom områda der grisane ligg og der dei gjer frå seg. *Andre punktum* forbyr at grisar må ligge direkte på perforerte golv. Dersom golvet er perforert, kan dyrehaldaren gjere underlaget tett ved å legge ut matter.

*Andre ledd første punktum* krev ei utforming av bingane som gjer at strøet held seg på liggeplassen. *Andre punktum* opnar for ein liten overlapp mellom fôringsplassen og gjødselplassen.

*Tredje ledd første punktum* krev nødvendige tiltak mot aggresjon. *Andre og tredje punktum* gjer unntak frå § 11 som krev at dyra skal kunne ha fysisk kontakt med andre dyr. Men det er ikkje lov å sette grisar for seg sjølve i rom utan andre grisar. Alle skal kunne høyre og lukte andre grisar. Alle skal skal også kunne sjå andre grisar, unntatt frå fødebingane.

*Fjerde ledd* presiserer § 19 om lys. Kravet om 75 lux skal om nødvendig oppfyllast med ein kombinasjon av dagslys og kunstig lys. Alle grisane skal ha denne lysintensiteten.

**Merknader til § 35 om spaltegolv for svin**
*Første ledd* gjeld breidda på plankane og opningane i spaltegolva i svinefjøs. *Tabellen* er ordna etter kva slags bingar det er, og kva slags grisar som er i bingane. Dei talfesta krava for kvar kategori er knytta til kva for materiale spalteplankane er laga av. Intervallet, for eksempel 10 – 16 mm, viser kva som er den minste og største breidda.

*Andre ledd* kjem i tillegg til kravet om tett liggeplass i § 34, som også gjeld i fødebingar. Men i fødebingar skal altså resten av spaltegolvet også dekkast i tida rett før og etter grisinga. Dyrehaldaren må vurdere kva tid og kor lenge det er nødvendig å verne dei nyfødde grisungane på denne måten.

**Merknader til § 36 om purker og ungpurker**
*Første ledd første punktum* påbyr at drektige purker og ungpurker går i grupper i 80 dagar når dei er drektige. Med «grupper» meinast 2 eller fleire dyr. *Andre punktum* gjer unntak frå kravet om gruppehald i dyrehald med få purker og ungpurker.

*Tredje punktum* presiserer kravet i § 25 om å halde dyra reine. Purkene og ungpurkene som skal føde, skal vere enda reinare enn det som er tilstrekkeleg utanfor fødebingen etter § 25.

*Andre og tredje ledd* set minstekrava til storleiken på bingane til ungpurkene og purkene. *Tabellane* er ordna etter kor mange dyr det er i bingen. «Fritt areal» er definert i § 3 bokstav b. Måla for liggearealet skal sikre at dyra kan ligge samtidig etter kravet i § 14 andre ledd.

*Fjerde ledd første punktum* krev god plass bak fôringsbåsane. *Andre punktum* reknar ikkje smale fôringsbåsar med i det frie arealet slik det er definert i § 3 bokstav c.

**Merknader til § 37 om fødebingar for svin**
*Første ledd* set minstekravet til storleiken på det frie arealet i fødebingane.

*Andre ledd første punktum* er eit absolutt krav om individuelt tilpassa fikseringsbåsar. *Andre punktum* set minstekrava til storleiken på fikseringsbåsane. *Tredje punktum* krev at det er romsleg bak purka i fikseringsbåsen.

*Tredje ledd første punktum* krev rikeleg med strø på liggeplassen slik at purka eller ungpurka ikkje ligg i kontakt med golvet. *Andre punktum* krev enda meir strø frå rett før fødselen og inntil 4 dagar etter. Høy og halm er nemnde som døme på eigna reirmateriale etter t*redje punktum.*

*Fjerde ledd første punktum* tilsvarer kravet om kalvegøyme i § 29. Purka skal ikkje kunne komme til spedgrisane i dette liggeområdet. *Andre punktum* skal sikre at alle ungane slepp til og får nok mjølk.

**Merknader til § 38 om smågrisar, slaktegrisar og avlsgrisar**
*Første ledd* gjeld tiltak mot aggresjon mellom dyra. Kategoriane «smågris», «slaktegris» og «avslgris» er definerte i § 3 bokstavane n, o og p. *Første punktum* gjeld slagsmål som er lengre, meir brutale og gjentakande enn det som er vanleg i ein velfungerande griseflokk. *Andre og tredje punktum* skal sikre at dyra kjenner kvarandre og får eit stabilt hierarki som dempar aggresjonen. *Fjerde punktum* krev at bingane er utforma slik at grisar som ikkje kjenner kvarandre, kan unngå kvarandre.

*Andre ledd* krev at dyrehaldaren reagerer på sår og andre teikn på alvorlege slagsmål. Svinedirektivet skil mellom desse tiltaka og kravet om å hindre slagsmål utover normal åtferd.

*Tredje ledd* krev at det frie arealet aukar i takt med storleiken på grisane.

**Merknader til 39 om rånebingar**
*Første punktum* er minstekravet til det frie arealet for rånane. *Andre punktum* aukar kravet for paringsbingar.

**Merknader til § 40 om hald av svin på uteområde**
Paragrafen kjem i tillegg til dei generelle utområdekrava i § 22. Andre høve til å kjøle seg etter *første punktum* kan for eksempel vere dusj og kjølege rom. *Andre punktum* presiserer at utegrisane alltid skal kunne gå inn, slik hovudregelen i § 12 første ledd seier. Såkalla grisehytter og liknande skal minst oppfylle krava til opphaldsrom etter § 12 og § 21. Gris kan altså ikkje gå på beite utan slike rom, og det kan heller ikkje bli gitt løyve til det.

*Tredje punktum* kan innebere krav om å smøre grisane med krem med solfaktor, som finns mellom anna til jur. For å unngå frostskadar kan det vere nødvendig å ta inn dyra.

*Fjerde punktum* presiserer at § 37 om fødebingar også gjeld for utegrisar.

**Merknader til § 41 om fôring av svin**
*Første ledd* gjeld spedgrisar som definert i § 3 bokstav m. *Første punktum* krev at grisane som hovudregel får suge mjølk til dei er minst fire veker gamle. *Andre punktum* gjer unntak når for eksempel purka er sjuk og ein veterinær meiner at det er nødvendig å avvenne spedgrisane tidlegare. *Tredje punktum* opnar for alternativ til å die purka. Det er aktuelt når purka for eksempel ikkje har nok mjølk eller er daud. *Fjerde punktum* kjem i tillegg til dokumentasjonskrava i § 8.

*Andre ledd* gjeld alle «avvente» grisar. Etter *første punktum* skal kvar gris resten av levetida få mat minst to gonger kvart døgn. *Andre punktum* skal sikre at dyra ikkje må vente med å ete til dei eigentleg skal sove.

*Tredje ledd* gjeld grisar som definert i § 3 bokstavane k, l, o, p og q. Kravet skal sikre grisane nok grovfôr og dermed medverke til best mogleg trivsel.

**Merknader til § 42 om aktivitets- og rotemateriale**
Halm, høy og sagspon er gode døme på materiale etter *første ledd første punktum.* Materiala sagspon og rotgrønsaker er døme på materiale som saman oppfyller alle krava. Dyra skal til ei kvar tid ha nok materiale til å dekke behovet. Men behovet varierer etter individ, alder, kategori, tid på døgnet og sesong.

*Andre punktum* krev at dyrehaldaren sikrar at materialet er reint og trygt. Materialet skal vere trygt å svelge. Materialet skal ikkje ha skarpe kantar eller noko anna ved seg som kan skade grisane.

Ifølge *tredje punktum skal* minst eitt av materiala vere mogleg å deformere og ete. Ordet «deformere» betyr at grisane skal kunne tygge sund og manipulere materialet. Det betyr for

eksempel at det ikkje held med berre sagspon eller papirstrimlar. Slikt materiale må kombinerast med for eksempel rotgrønsaker eller halm.

**Merknader til § 43 om fiksering av purker**
*Første ledd* gjer eit ytterlegare unntak frå § 11 om fri rørsle og kjem i tillegg til § 26 om fiksering. Med «fiksere» meinast i denne samanhengen å sette purka i ein bås slik at ungane trygt kan die. Ifølge *første punktum* kan purka fikserast så snart fødselen er i gang og haldast fiksert i 72 samanhengande timar etter det. Etter 72 timar skal purka uansett sleppast fri, men kan som andre svin fikserast igjen etter § 26.

Etter *andre punktum* er det eit vilkår at ungane eller personellet står i fare for å bli skada av purka på grunn av at ho er redd eller sinna. At første punktum er ein maksimumsregel kjem klart fram i *tredje punktum* om at purka ikkje skal vere fiksert lenger enn det som er nødvendig for å unngå skadar. *Fjerde punktum* presiserer at unntaket for purker ikkje tillet bruk av tau og liknande som fikseringsmetode.

**Merknader til § 44 om veterinærvurdering og velferdsprogram for slaktegris**
Krava i paragrafen er nye. Kravet om veterinærbesøk i *første ledd første punktum* gjeld berre dei som sender fleire enn 10 slaktegrisar til slakteriet i året. «Slaktegris» er definert i § 3 bokstav o. Det er ikkje krav om at veterinæren vurderer eller gir råd om velferda til andre dyr enn slaktegrisane.

Veterinæren skal skrive vurderinga i journalen sin. Det følger av forskrift 20. februar 2006 nr. 229 om journal for dyrehelsepersonell. Forskriftsutkastet § 44 første ledd *andre punktum* seier at ein kopi av journalnotatet eller ein annan skriftleg versjon av vurderinga skal ligge att i dyrehaldet. Dyrehaldaren skal oppbevare dokumentet som andre opplysningar etter § 8.

Kravet i *andre ledd første punktum* om å vere med i eit såkalla dyrevelferdsprogram gjeld berre dei som sender fleire enn 750 slaktegrisar til slakt i året. Eit dyrevelferdsprogram er ei privat ordning som gjev slakteri som tar imot slaktegrisar frå dyrehaldarane, rett til å gjere tiltak mot dyrehaldarar som ikkje oppfyller krava i programmet. Programma vil bli utarbeida og drivne av organisasjonar som Norsvin og Animalia.

Kravet om at programmet skal vere anerkjent av Mattilsynet, sikrar at næringa legg programmet fram slik at Mattilsynet kan vurdere det og påpeike eventuelle manglar. Mattilsynet godkjenner ikkje programmet, men erklærer at det er godt nok. Vi finn eit tilsvarande krav om anerkjenning i forskrift om hold av høns og kalkun § 35.

*Andre punktum* stiller minstekrav til dyrevelferdsprogramma. *Bokstav a* skal sikra at deltakarane oppfyller forskriftskrava om kompetanse, plan og dokumentasjon. *Bokstav b* krev dobbelt så mange veterinærbesøk som første ledd. *Bokstav c* inneber at dyrehaldaren må vere med i Kvalitetetssystemet i landbruket (KSL – Matmerk). *Bokstav d* gjeld teikn på både god og dårleg velferd, som for eksempel reine dyr og halesår. Alle teikna som er vesentlege for helsa og trivselen til dyra, skal vere med. Kvart teikn skal vere mogleg å måle og ha ein klar samanheng med velferda.

*Bokstav e* inneber at dyrehaldaren må registrere dei klart definerte velferdsindikatorane sjukdom, skade og død. *Bokstav f* gjeld tiltak mot grunnane til dårleg velferd.

*Bokstav g* krev at programmet gir heimel til å sanksjonere i alvorlege eller vedvarande tilfelle. *Bokstav h* sikrar at Mattilsynet veit kven som er utelukka og bør følgast opp.

**Merknader til § 45 om inngrep på svin**
Paragrafen kjem i tillegg til hovudregelen i § 27 fjerde ledd og er med å presisere dyrevelferdsloven § 9 andre ledd. Det er berre veterinærar som kan utføre inngrepa i § 45 *første ledd*. Det følger også av dyrehelsepersonelloven § 18. Det er ikkje lov å gjere andre inngrep på svin enn det § 27 og § 45 opnar for. Dyrevelferdsloven § 9 siste ledd gir heimel til å opne for dei inngrepa her som i utgangspunktet ikkje er lovlege etter § 9 andre ledd. Både dyrehaldaren,

UTKAST

veterinæren og andre som utfører inngrep, er i utgangspunktet ansvarlege for at inngrepa er lovlege.

Første ledd *bokstav a* opnar for å kastrere spegrisar av hannkjønn utan nærmare grunn. Veterinæren skal bedøve grisane og gje dei nok smertestillande etterpå. Det følger av § 27 fjerde ledd og dyrevelferdsloven § 9 tredje ledd.

*Bokstav b* opnar for å ta ut ein bit av øyret som eit ledd i det organiserte avlsarbeidet. Veterinæren kan gjere dette utan å bedøve og smertebehandle dyret.

Inngrepa i *andre ledd* kan også utførast av andre enn veterinærar, men personellet må ha kunnskap og evner til å kunne utføre inngrepa forsvarleg. Inngrepa kan gjerast utan bedøvelse og smertebehandling.

Andre ledd *bokstav a* opnar for å file tenner på opptil ei veke gamle spedgrisar utan nærmare grunn. Det er ikkje lenger lov å klippe eller skjære tennene på spedgrisane.

*Bokstav b* opnar for å file eller kutte hjørnetenner på ukastrerte hanngrisar når det er nødvendig. Dyrehaldaren må vurdere faren etter temperamentet på rånen, korleis rånen er oppstalla og lengda på hjørnetennene.

Ifølge *tredje ledd* må fila eller kuttereiskapen må vere eigna. Overflata på tennene skal vere jamne etter inngrepet. Det er ikkje lov å file eller kutte ned til tannkanalen.

**Merknader til kapittel VII med spesielle reglar for sauer og geiter**
Kapitlet inneheld unntak og tilleggsreglar for sauer og geiter. Reglane vidarefører krava frå småfehaldforskrifta.

**Merknader til § 46 om opphaldsrom for sauer og geiter**
*Første ledd* krev at fellesbingane innreiast slik at søyer som skal føde, kan trekke seg unna dei andre sauene.

*Andre ledd første punktum* krev at dyrehaldaren set inn kasser eller andre innretningar som gjer at geitene kan klatre og aktiviserast, og dermed trivast betre i bingen. *Andre punktum* skal også medverke til trivselen og er eit unntak frå forbodet i § 12 fjerde ledd mot å halde dyr over kvarandre.

*Tredje ledd første punktum* gjer unntak frå kravet om mjukt liggeunderlag i § 14. Unntaket gjeld ikkje i kaldfjøs og leskur. Sauene og geitene skal, som storfe og svin, ha tørre og trekkfrie liggeplassar med rett temperatur. Nyfødde lam og kje treng heller ikkje ligge mjukt, men *andre punktum* krev at underlaget deira er tett. Dette kan dyrehaldaren oppfylle ved å legge for eksempel treplater på strekkmetallgolvet.

*Fjerde ledd* lempar på kravet i § 15 om tilgjengelege omsorgsbingar. Det er nok at dyrehaldaren har det som trengst for raskt å sette opp ein slik binge og har rutinar for korleis det gjerast etter § 7.

*Femte ledd* vidarefører det gjeldande unntaket for gamle saue- og geitefjøs frå kravet om 2 utgangar frå kvart opphaldsrom. Men vilkåret om samanhengande bruk er nytt. At bruken skal vere samanhengande utelukkar ikkje at fjøset står tomt mellombels som for eksempel i beiteperioden eller i samband med vedlikehald.

**Merknader til § 47 om mosjon og beite for sauer og geiter**
Paragrafen vidarefører krava om mosjon på beite eller andre uteområde i sommarhalvåret. Krava kjem i tillegg til hovudregelen om fri rørsle i § 11. Krava heng særleg saman med krava til uteområde i § 22.

*Første ledd første punktum* er hovudregelen om beitetid for sauer og geiter. Det er ikkje unntak for lam og kje same kva tid på året dei er fødde. Det er heller ikkje unntak for ukastrerte verar og

UTKAST

bukkar. Dei kan kastrerast som lam eller kje etter § 53 om det er nødvendig for å kunne sleppe dei på beite seinare i livet.

Dyra må vere ute, men hovudregelen opnar for løysingar der dyra går fritt ut og inn av fjøset eller andre opphaldsrom. Den tida dei da er inne «frivillig», reknast med i beitetida.

56 døgn tilsvarer det gjeldande kravet om 8 veker. Med «døgn» meinast klokkedøgn. Delar av døgn reknast som hovudregel ikkje med i beitetida. Beitetida treng ikkje vere samanhengande, men må vere innafor den normale beiteperioden i området. Den «normale beiteperioden» er definert i § 3 bokstav d.

*Andre punktum* betyr at delar av døgnet da søyer og geiter er inne for å mjølkast, kan reknast med i beitetida. Dyra kan altså haldast inne til neste mjølking utan å få frådrag i beitetida. Innetida reknast som beitetid, sjølv om dyra ikkje kan gå fritt ut. Men dyrehaldaren må sleppe dei ut rett etter den andre mjølkinga for ikkje å få frådrag. Så må dyra gå ute til neste mjølking igjen.

*Tredje punktum* stiller krav til uteområdet utover det § 22 krev. Terrenget i området og underlaget og forma på området må vere slik at dyra faktisk får mosjon. Med «mosjon» meinast at dyra rører seg så mykje at dei får god forbrenning og styrker musklar og kondisjon. Det må også vekse beiteplanter i området, slik at dyra får utøve naturleg beiteåtferd. Som det framgår av § 24, er det ikkje eit absolutt krav at beitet utgjer heile næringsgrunnlaget for dyra. Så lenge dei faktisk får beite næringsrike beiteplanter, kan dyrehaldaren kompensere med tilleggsfôr.

*Andre ledd* gjeld ikkje når dyra berre blir sleppte på innmarksbeite. Krava kjem i tillegg til tilsynskrava i § 23. Dyrehaldaren må allereie på garden vurdere om dei einskilde dyra er eigna til å klare seg i naturen. Dyrehaldaren må også vurdere om krava i *bokstavane a, b, c, d og e* er oppfylte både før dyra vert sleppte og i samband med tilsynet i utmarka. *Bokstav f* vurderast berre når dyra er i utmarka.

**Merknader til § 48 om hald av sauer og geiter utan opphaldsom utanom beiteperioden**
Paragrafen vidarefører og presiserer reglane om hald av dyr utan opphaldsrom i småfehaldforskrifta og i forskrift 11. august 2014 nr. 1074 om unntak fra plikten å sørge for oppholdsrom for dyr.

*Første ledd første punktum* opnar for at Mattilsynet kan gjere unntak frå kravet om opphaldsrom i dyrevelferdsloven § 23 og denne forskrifta § 12. Mattilsynet kan ikkje gjere slike unntak for storfe og svin.

Dyrehaldaren må søke om løyve. Avgjerda om å gi eller ikkje gi løyve er eit enkeltvedtak og kan påklagast etter forvaltningsloven.

*Andre punktum* med *bokstavane a, b, c, d, e, f og g* inneheld dei grunnleggande vilkåra for å kunne gi løyve. Mattilsynet må altså vurdere om uteområdet, dyra og dyrehaldaren er eigna til ei slik drift. Desse forholda kan endre seg så mykje over tid at løyvet ikkje lenger er gyldig.

Vilkåra i *andre ledd bokstav a, b, c* og *d* om rutinane kjem i tillegg til rutinekrava i § 7.

*Tredje ledd første punktum* krev at søknaden inneheld det som skal med i ei melding om dyrehald etter § 5. *Bokstavane a, b, c, d og e* krev tilleggsopplysningar til hjelp for Mattilsynet i vurderingane etter første ledd. *Andre punktum* legg til at rutinane skal leggast ved søknaden.

*Fjerde ledd første punktum* skal gi Mattilsynet høve til å vere med dyrehaldaren ut til dyra. *Andre punktum* er ei presisering av dyrevelferdsloven § 18 om plikt til å legge til rette for Mattilsynet.

**Merknader til § 49 om bruk av gjetarhund**
Paragrafen gjeld både korleis hundane blir trente, og korleis dei blir brukte til å gjete. At sauene og geitene blir redde og stressa, kan vere ein nødvendig del av gjetinga. Men hundane skal altså vere så dresserte og kontrollerte at dei ikkje bit sauene slik at dei får sår. Hundane skal heller ikkje skremme sauene og geitene så mykje at dei skadar seg eller blir meir stressa enn det som er

UTKAST

nødvendig for å gjete dei. Trenaren og brukaren skal ha god kompetanse. Krava er vanskelege å oppfylle med hunderasar som ikkje er avla til gjeting.

**Merknader til § 50 om fôring av lam og kje**
«Lam» og «kje» er definerte i § 3 bokstavane s og u. *Første ledd første punktum* er hovudregelen og har velferd og utvikling som mål på om lamma og kjea får fôr ofte nok. Det stillast også eit minstekrav om 3 fôringar i døgnet så lenge lamma og kjea diar eller forast med mjølk på anna vis.

*Andre punktum* krev at lamma og kjea får gras, høy eller anna grovfôr frå dei er 1 veke gamle. Dei skal ha så mykje grovfôr at dei utviklar drøvtyggarfunksjonen.

*Andre ledd* skal sikre at også lam og kje som ikkje diar, skal få suge i seg mjølka på eit tilnærma naturleg vis. Dette kan for eksempel gjerast ved å henge opp ei bøtte med smokk.

**Merknader til § 51 om klipping**
Etter denne paragrafen skal alle sauer klippast minst 1 gong i året. Det skal skje før beiteslepp og seinast 1. juli. Nokre sauerasar kan nappast i staden. Av geitene er det berre kategorien ullgeit som skal klippast. Dyrehaldaren må vurdere behovet for å klippe dyra ein gong til etter tida på året, vêret og mengda ull. Det er normalt behov for å klippe dyra 2 gonger i året og ikkje berre ein gong rett før beiteslepp.

**Merknader til § 52 om isolering av vêrar og bukkar**
Paragrafen gjer unntak frå kravet i § 11 om fri rørsle og sosial kontakt for kjønsmogne hannsauer hanngeiter.

Ifølge *første punktum* gjeld unntaket berre i paringstida. Dyrehaldaren må vurdere om det er nødvendig å skjerme dei andre dyra frå vêren eller bukken.

Vêren eller bukken som hovudregel skiljast frå dei andre utan å bli bunden. Dyra må haldast enten i eigne opphaldsrom eller i bingar som dei ikkje kan hoppe ut av. To eller fleire vêrar eller bukkar som blir skjerma frå dei andre, skal vere saman om det er forsvarleg. Ifølge *andre punktum* kan vêren eller bukken bindast, men berre dersom det ikkje er enkelt å bruke eigne opphaldsrom eller bingar.

**Merknader til § 53 om inngrep på sau og geit**
Paragrafen kjem i tillegg til hovudregelen i § 27 fjerde ledd og er med å presisere dyrevelferdsloven § 9 andre ledd. Det er berre veterinærar som kan utføre inngrepa i § 53. Det følger også av dyrehelsepersonelloven § 18. Det er ikkje lov å gjere andre inngrep på sauer og geiter enn det § 27 og § 45 opnar for. Dyrevelferdsloven § 9 siste ledd gir heimel til å opne for dei inngrepa her som i utgangspunktet ikkje er lovlege etter § 9 andre ledd. Både dyrehaldaren og veterinæren er i utgangspunktet ansvarlege for at inngrepa er lovlege.

Veterinæren skal bedøve lamma og kjea og gi dei nok smertestillande. Det følger av § 27 fjerde ledd og dyrevelferdsloven § 9 tredje ledd.

*Bokstav a* opnar for å kastrere små lam og kje av hannkjøn. Dyrehaldaren må vurdere om beiteforholda vil gjere det nødvendig å kastrere dyra for å oppfylle beitekravet i § 47.

*Bokstav b* opnar for å fjerne hornanlegg på små kje utan nærmare grunn. Inngrepa kan ikkje gjerast på kje som er eldre enn 4 veker. Fristen er vidareført frå den gjeldande småfehaldforskrifta.

**Merknader til kapittel VIII med administrative og avsluttande reglar**
Det siste kapitlet inneheld eit innførselskrav og dei vanlege reglane om tilsyn, vedtak, dispensasjon og straff. Kapitlet regulerer også kva tid forskrifta skal gjelde, og kva for forskrifter den nye forskrifta kjem i staden for.

**Merknader til § 54 om innførsel av storfe og svin frå land utanfor EØS**
Paragrafen gjennomfører krav frå kalvedirektivet og svinedirektivet om velferds-sertifikat for storfe og svin som innføres frå land utanfor EØS-området.

**Merknader til § 55 om tilsyn og vedtak**
Dette er ein standard-paragraf som er vanleg i dei fleste forskriftene om dyrevelferd. Heimelen er basert på og tilsvarer dyrevelferdloven § 30 første ledd. Heimlane til tvangsmulkt, overtredelsesgebyr og aktivitetsforbod frå dyrevelferdsloven er ikkje gjentekne i forskrifta.

**Merknader til § 56 om dispensasjon**
Dette er også ein standard-paragraf som er vanleg i dei fleste forskriftene om dyrevelferd. Med «særlege tilfelle» i *første ledd første punktum* meinast enkeltsaker der noko spesielt eller uvanleg tilseier at det bør gjerast unntak frå eit krav i forskrifta. Om eit «særleg tilfelle» viser seg å vere vanleg, er det ikkje «særleg» likevel. Paragrafen gir ikkje heimel til generelle dispensasjonar for alle tilfelle av ein viss art. Da må Mattilsynet heller vurdere og eventuelt foreslå å forskriftsfeste eit unntak for desse tilfella.

*Andre punktum* sikrar at Mattilsynet ikkje dispenserar frå absolutte EØS-krav.

**Merknader til § 57 om straff**
Dette er også ein standard-paragraf som er vanleg i dei fleste forskriftene om dyrevelferd. Paragrafen tilsvarer dyrevelferdsloven § 37. Vi foreslår ikkje å unnta nokre av krava frå straff.

**Merknader til § 58 om iverksetting og oppheving**
Forskrifta bør ikkje tre i kraft før eitt år etter at ho er fastsett. Datoen skal stå i *første ledd første punktum.*

*Andre punktum* ramsar opp alle forskriftene som skal opphevast når den nye forskrifta blir gjeldande.

I tillegg skal produksjonsdyrforskrifta endrast. Det blir fastsett i ei eiga forskrift.

*Andre ledd* set ein utløpsdato for dispensasjonar frå dei forskriftene som blir oppheva.

## *7. Merknader til endringane i produksjonsdyrforskrifta*

**Merknader til endringa i § 2**
Ved å legge til storfe, svin, sau og geit blir dei fire dyreslaga ikkje lengre omfatta av proudksjonsdyrforskrifta.

**Merknader til ny § 3a om melding om dyrehald**
Produksjonsdyrforskrifta har ikkje krav om melding i dag. § 8a tilsvarer § 5 i utkastet til forskrift om hald av storfe, svin, sau og geit. Med det får alle dyrehald med produksjonsdyr det same meldekravet.

**Merknader til nytt fjerde ledd i § 5**
Leddet vidarefører reglane om gevir på tamrein frå forskrifta om avhorning, men reglane skal nå også gjelde hjort og dåhjort som haldast som produksjonsdyr.

**Merknader til ny § 8a om hald av dyr utan oppholdsrom utenom beiteperioden**
Paragrafen tilsvarer § 48 i utkastet til forskrift om hald av storfe, svin, sau og geit, men krev ikkje løyve frå Mattilsynet. Paragrafen erstattar også delar av forskrifta om unntak frå kravet om opphaldsrom, som ifølge forslaget skal opphevast.

*Første ledd første punktum* presiserer noko som eigentleg følger av dyrevelferdsloven § 23. Ifølge lovforarbeida har tamrein normal beiteperiode heile året. Den tradisjonelle reindrifta skjer utan opphaldsrom året rundt.

UTKAST

*Andre punktum* gjeld for oppdrettshjort og andre hjortedyr som haldast som produksjonsdyr. Dyra kan haldast utandørs året rundt utan opphaldsrom dersom vilkåra er oppfylt. Løyve frå Mattilsynet trengst ikkje, men vi vil vurdere meldingane etter *bokstav c*. Dersom det ikkje er dokumentert at vilkåra er oppfylte, vil Mattilsynet følge opp dyrehalderen slik at regelverket blir følgd.

Vilkåra i *bokstavane a* og *b* tilsvarer vilkåra for løyve etter § 48 første ledd bokstavane c og d. Sjå merknadene til § 48 ovanfor.

*Andre ledd* presiserer det som følger av hovudregelen i dyrevelferdsloven § 23. Fjørfe, kaninar, lama og andre dyreartar som framleis omfattast av produksjonsdyrforskrifta etter den foreslåtte endringa, skal altså ha opphaldsrom. Og det er inga løyveordning for desse dyreartane. Nokre av dyreartane, som for eksempel pelsdyr, har ikkje beitesesong og skal da ha opphaldsrom heile året.

UTKAST